



Suksess for Ivar Aasen-musikal

- Vi er veldig mange som no er blitt glade i Ivar Aasen og nynorsken.

SIDE 12-15

Oslo får nynorskmillionar

Pengar til språkdelt ungdomsskule går til kommunar utan nynorskelevar.

SIDE 9



Mista venner av nynorskskifte

Silje Nathalie fekk sterke reaksjonar av å skifta til nynorsk.

SIDE 8

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 1
februar 2025

«Katten» elskar Aasen

Elevar ved Bergen katedral-
skule held på nynorsken.

SIDE 4-7



Nynorsklitteratur utan nynorsk

■ Romanen *Krakk* av Guri Idsø Viken får gode meldingar i *Klassekampen* og *Adresseavisen*. I *KK* vart det peika på at det var bra at det var ein roman på nynorsk der nynorsk ikkje kunne relaterast til korkje tema eller innhald. I *Fædrelandsvennen* var det derimot kritisert at ein roman som går føre seg i Arendal på 1800-talet kjentest unaturleg på nynorsk. Forfattaren sjølv har sagt at nynorsken gjorde det enklare å skriva dialog, fordi dialog frå 1800-talet ville vorte stivt, og at nynorsken soleis trekker historia nærmare lesaren. Kort og godt: Det kjennest meir moderne og aktuelt fordi boka er skriven på nynorsk.

■ Desse meldingane er interessante, og viser også korleis språkval faktisk er val som påverkar mottakinga og oppfatninga av eit kunstverk. Det syner korleis det å ha to norske skriftspråk gjev ein rikdom til språket, og i dette tilfellet også større kunstnarisk fridom. Samstundes peiker det mot at nynorsken, kanskje også nynorsklitteraturen, framleis har ein del fordommar mot seg. Kvifor er nynorsk unaturleg berre fordi ein roman går føre seg i ein by i eit finans- og handelsmiljø? Og som meldaren i *KK* peiker på: Kvifor er nynorsklitteraturen knytt til ein tematikk eller har eit innhald ein så ofte assosierer med nynorsk?

■ Sjølv sagt har desse spørsmåla logiske svar knytte til materielle, geografiske og historiske høve. Nynorsken er mest brukt i meir rurale strøk, ofte der landbruket står eller har stått sterkt, og av distriktsarbeidarklassen. Då er det sjølv sagt forfriskande at nokon vel å skriva ein historisk roman i eit urbant miljø på nynorsk! Kjartan Fløgstad sa i si tid at han skulle halda seg unna «Per Bufast-tematikk», og alluderte til *Det store spelet* av Tarjei Vesaas, om ein ung gut som slit med presset over at han skal ta over garden.

■ Det er sjølv sagt ikkje slik at det ikkje er eit stort mangfald i nynorsklitteraturen, særleg om ein tek omsette titlar med. Det er også veldig bra at forfattarar som Tore Renberg eller Ingrid Storholmen er to-språklege. Det er likevel påfallande at dei romanane Renberg vel å skriva på nynorsk, er psykologiske portrett av menn på bygda, openbert inspirert av Vesaas. Nynorsklitteraturen treng heilt klårt fleire bøker som *Krakk*. Ikkje berre av reint kunstnariske årsaker, men også av målpolitiske omsyn. Litteraturen si fremste oppgåve er nettopp å bryta med rådande tankar og oppfatningar gjennom språket, men også om språket.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen


I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



NOREG 2050: Målrø

Vekst og vinning for nynorsken byrjar med at målrørsla vågar å tenkje **dei store tankane**.

■ I november i fjor var eg i Barcelona med det europeiske nettverket for mindretalspråk. Der fekk vi mellom anna høyre eit inspirerande foredrag av Jeremy Evas frå den walisiske regjeringa. Walisisk har i dag om lag like mange språkbrukarar som nynorsk. Men no har regjeringa sett seg eit mål om at 1 million menneske skal snakke walisisk innan 2050! Det er sett av fleire tiltals millionar kroner til tiltaket.

■ På vegen mot dette offensive målet har dei mellom anna over natta endra standard-innstillingane i programvare frå Microsoft i pc-ar i skulen og i det offentlege til walisisk! Tenk så deilig om alle nordmenn vakna til nynorsk språkinnstilling når dei kom på jobb eller skule i morgon! Det kom knapt ei klage i Wales. Det hadde nok gått fint i Noreg også.

■ Det er på tide at styresmaktene våre vågar å tenkje stort og nytt om språk. Offisiell norsk

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

språkpolitikk er for puslete, og styresmaktene bryt språklova kvar einaste dag. Tenk om nokon rundt Kongens bord berre hadde sagt: Veit de kva, la oss bli ein million nynorskbrukarar i dette landet, og følgd det opp med dei pengane og tiltaka som måtte til. Det er den draumen.

■ Språklova frå 2022 slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Dette bør opne eit nytt kapittel i norsk språkpolitikk, der styresmaktene aktivt favoriserer nynorsken for å jamne ut det skeive tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Regjeringa må straks setje i gang arbeidet med ein nasjonal strategi for jamstilling av dei to norske språka, med konkrete tiltak og naudsynnte løyvingar over statsbudsjettet.

■ Samstundes kviler det også eit ansvar på oss sjølve. Vi må våge å tenkje stort, krevje meir og føreslå asymmetriske tiltak som verkeleg gagnar nynorsken. I januar hadde sentrallekken vår besøk av Manon Davies frå det walisiske språk-

REGG 050

Illustrasjon:

Ørsla må tenkje større

rådet. Også dette blei eit inspirerende innblikk i den walisiske språkpolitikken. Særleg merka eg meg korleis ho ikkje snakka om like kår, slik vi ofte gjer om tilhøve mellom bokmål og nynorsk i Noreg. Ho snakka om å «create favourable conditions for welsh» - å lage fordelaktige rammevilkår. Språklova gjev mandat til dette: å innføre asymmetriske tiltak som fremjar og aktivt favoriserer nynorsk, framfor bokmål.

■ Altfor lenge har vi stått med lua i handa. Takka pent for knappar og glansbilete, kravd for lite. Dei siste åra har vi jobba for ein ekstra million til Noregs Mållag over statsbudsjettet. Når eg har reist over fjellet for å delta i budsjett høyringar, har eg følt at eg måtte prioritere mellom ulike innspel frå Nynorsk forum. No skal eg ikkje lenger be om ein million kroner til oss sjølve, eg vil ha heile lista: Noreg treng eit nynorsk kulturløft på vel 40 millionar kroner, og vi treng det på neste års statsbudsjett. Gudane skal vite at regjeringa brukar langt større summar på langt mindre viktige ting.

■ Mållaget sin neste store test blir om vi klarer å skrive eit nytt arbeidsprogram til landsmøtet neste år som siktar høgt nok og som er konkret nok, til at regjeringa enkelt kan gjere politikken vår om til røyndom. Eg håpar heile organisasjonen går inn i dette arbeidet med eitt mål - at vi vågar å rette ryggen og stille oss spørsmålet: kva må til for at nynorsken skal få minst like gode kår som bokmålet? Det er det vi må krevje, korkje meir eller mindre.

■ Eitt av krava bør vere noko eg har skrive om før: ein eigen nasjonal handlingsplan for jamstillinga mellom bokmål og nynorsk. Eit slik arbeid må regjeringa setje i gang snarast.

■ Handlingsplanen kan godt få namnet *Noreg 2050*, og han må teikne eit bilete av eit samfunn der det er minst like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar.

“ **Noreg treng eit nynorsk kulturløft på vel 40 millionar kroner, og vi treng det på neste års statsbudsjett. Gudane skal vite at regjeringa brukar langt større summar på langt mindre viktige ting.** ”

■ sagt

- Eg er fan av tvang. Staten gir og staten tar. Hvis staten meiner at nynorsk er viktig, må dei også fylgja det opp. Det går jo ikkje an å velja bort algebra i matte fordi ein meiner at det ikkje er nyttig, seier han.

**Kjartan Helleve
til Journalen**

Noe av det vanskeligste jeg gjør, er nok å skrive om fra bokmål til valdresmål.

**Ørnulf Juvkam Dyve
til avisa Valdres**

Då Tore Renberg omsider såg ljuset og gav ut roman på nynorsk, vakna det språklege mindreverds komplekset hjå stavangerfolk.

**Sverre Tusvik
i Syn og Segn**

Vi skal produsere mennesker som kan tenke, skrive og lese. Å øve på det ved hjelp av KI er som å øvelseskjøre i en selvkjørende Tesla.

**Mie Hidle
i Stavanger Aftenblad**

We are a multi-lingual nation, so it's important to find ways to speak to each other.

**Peter Mackay,
Skottlands fyrste
skotsk-gælisk-skrivande
nasjonalpoet**

jeg ELSKER å lese nynorsk! Mitt neste mål er å begynne å lese dansk.

**Sophie Elise Isachsen
på Snapchat**

Nobelprisen i litteratur 2023 er Noreg-Brasil 1998 for oss nynorskfolk.

**Maria Lavik
i Odelsskam**

- Å skrive dialoger som fant sted på 1800-tallet, kan fort bli stivt. På nynorsk kan man ikke skrive «piken», bare «jenta». I denne boka mener jeg nynorsk trekker historien nærmere leseren.

**Guri Idsø Viken
om kvifor ho skreiv
romanen Krakket
på nynorsk**

Godt er det også å lese en roman på nynorsk der målformen ikke på noen måte kan relateres verken til innhold eller tematikk.

**Mimir Kristjansson
om Krakket
av Guri Idsø Viken**

Ved Bergen katedralskole finst det eit **eige lokallag i Norsk Målungdom** med over 40 medlemmer. Vi har prata med nokon av dei som har byta frå bokmål til nynorsk.

Nynorsk- kjærleik på Bergen katedralskole

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ Det er full stans i bybanetrafikken på grunn av frosne straumlinjer då Norsk Tidend skal treffa elevar ved Bergen katedralskule. Dei har alle til felles at dei har byta til nynorsk som hovudmål, heller halde fram med det frå ungdomsskulen.

Ein frosen bybane har ikkje stogga andreklassingane Dina, Endre, Tarald og Lauritz. Alle kom seg tidsnok til skulen.

– Det er vanskelegare å vera nynorskbrukar enn bokmålsbrukar her Bergen, seier Dina i Katten Målungdom om kvifor ho er med i Katten Målungdom.

Dina er frå Samnanger, ein time utanfor Bergen. Ho har hatt nynorsk sidan barneskulen.

– Eg er ikkje stril, då, fordi det

går ikkje an å ro fram og tilbake til Samnanger på ein dag, ler Dina, og skapar ein liten diskusjon rundt bordet om kva som er den opphavelige definisjonen på stril.

Ho fortel at ho får kommentarar på at ho skriv nynorsk, og på dialekta si.

– Ja, eg får av og til kommentarar på korleis eg skriv og snakkar. Då kjenst det av og til enklare å berre slå over til bergensk, fortel ho.

Dina understrekar at det ikkje er latterleggjerande kommentarar, men at ho i Bergen vert medviten om at ho er annleis som skriv nynorsk og snakkar ei dialekt som gjer det tydeleg at ho er frå utanfor byen.

– Alle rundt meg skreiv nynorsk i barndommen. No snur alle seg og ser på meg når vi skal

skriva sidemålsstil eller ha sidemålsundervising, fordi eg liksom skal vera heldig som får ha bokmål, seier Dina.

Dei tre gutane som sit rundt bordet saman med Dina, er alle frå ulike stader i Bergen. Dei har heilt ulike inngangar til kvifor dei valde å skifta til nynorsk.

– Eg har alltid vore interessert i språk og kultur, så eg byrja å pugga grammatikk og tenkte eg måtte kunna nynorsk godt før eg skifta hovudmål. Men så fekk eg ei oppmoding heimanfrå om at det trong eg ikkje. Så eg skifta, og blei med i Målungdommen, fortel Endre frå Fana.

Tarald skifta til nynorsk då han starta i Vg2 i fjor haust. Han er oppvaksen på Årstad, med ein far som er nynorskbrukar. Han fann nynorsk enklare enn bokmål, og synest også det er eit viktig iden-





GOD STEMNING: Det er veldig mykje aktivitet i Katten Målungdom. Sjølv bokmålsbrukarar er aktive der. Her ser vi Tarald, Laurtiz, Dina og Endre, som alle brukar nynorsk. Her ser vi dei framfor Ivar Aasen-kunstverket i den eine trappeoppgangen på skulen.

TIL VENSTRE: - Nynorsk er den delen av faget mitt eg kjenner meg minst tilstrekkeleg i, fortel lektor Kristoffer Robin Kirkhus.

titetsspørsmål. Han vart verva til Målungdommen av Dina.

- Eg tenkjer på dialekt, og nynorsk ligg nærare. Heilt på ekte så slit eg faktisk meir med å skriva ut tankane mine på bokmål, fortel han.

Den siste av målungdommane har ein litt meir utradisjonell veg til skriftspråkskiftet. Lauritz er vaksen opp på Nordnes, ikkje lange vegen frå Akvariet i Bergen.

- Eg er vaksen opp i ein heim der både besteforeldra og far min snakka veldig pent bergensk, men dei er glade i nynorsk. Som dyslektikar har eg slitt med språk, men etter eg kom her, har eg kjent på at nynorsk er sjølv ånda til Noreg, fortel han., fortel han.

Motivasjonen for å skifta til nynorsk var for å få eit større språkleg mangfald, fortel han vidare.

- No kan eg endeleg læra meg å snakka gatebergensk! Seier Laurtiz til latter frå dei andre.

- Dette er eit godt døme på kor gode vi er til å rekruttera her, seier Dina, som seier ho synest det er veldig tøft av gutane å skifta til nynorsk i eit så bokmålstungt område som Bergen.

- Eg trur kanskje ikkje eg hadde teke skrittet og skifta til nynorsk om det ikkje var for Katten Målungdom, legg Endre til, og dei andre stadfestar at det er veldig godt miljø i Katten Målungdom.

Sjølv om det er god stemning er det ikkje berre lett å vera nynorskbrukar. Det er enkelte utfordringar. Alle kjenner seg att i at det er varierende kvalitet i omsetjingar og i lærebøkene, og alle kjenner til nokon som har skifta frå nynorsk til bokmål på grunn av det.

“ **Alle rundt meg skreiv nynorsk i barndommen. No snur alle seg og ser på meg når vi skal skriva sidemålsstil eller ha sidemålsundervisning, fordi eg liksom skal vera heldig som får ha bokmål.**

Dina

- Det er svært synd, sjølv om ein kan forstå det, seier alle fire.

Dei får likevel berre støtte frå lærarane, og føler seg godt ivaretekne som nynorskbrukarar, fortel dei.

- Korleis er omsetjingane dårlege?

- Det er tydeleg at nokre bøker er omsett frå bokmål, utan å ha tatt nok omsyn til at nynorsk ikkje blir bra om ein berre omset ord for ord frå bokmål.

- Andre gonger kjenst det som at dei går for dei mest sære for-
mene, utan at det kjenst naturleg.

Sjølv er dei litt usamde om kva former dei sjølv vil bruka når dei skriv nynorsk.

- Eg går berre for det som kling godt, seier Laurtiz.

- Eg prøvar å skriva litt meir konservativt, eg synest det er gøy, seier Endre.



Eigen «nynorskklass»

Når elevar med nynorsk som hovudmål frå ungdomsskulen byrjar i fyrste klasse ved Katten, blir dei samla i éin klasse. Dette er eitt av krava det sterke laget i Målungdommen har fått gjennom. Tiltaket er gjort for å hindra språkskifte. Tiltaket har ein effekt.

– Det hjelper å kjenna at ein ikkje er åleine, fortel ungdommane.

Den klassen er det Øystein Darre Longva som har i år. Han er nynorskbrukar sjølv, og både nynorsk- og bokmålslevar får dimed all undervisning i faga hans på nynorsk i norsk, psykologi, religion og etikk og historie.

– Sjølv om nynorskelevane framleis er i mindretal her, er det enklare å vera i gruppe enn å vera «den eine» som har nynorsk, fortel han.

Øystein oppmodar gjerne

elevane om å skifta til nynorsk, og trur det er veldig viktig at bokmålsbrukarane blir meir eksponerte for nynorsk.

– Mange har byrja veldig seint med nynorskopplæring. Ofte så verkar det som dei har hatt lærarar i grunnskulen som har vore negative til nynorsk.

Han trur løysinga ville vore å starta tidlegare med sidemålsundervisning og eksponering for språket, og gjera språk til ein større del av heilskapen i undervisninga.

– Mange av mine elevar peiker på at dei byrjar veldig seint med sidemålsundervisninga, og at det difor kjenst litt framand. Eg trur nynorsk og språkhøva kunne blitt betre integrert i faga jamt over. Det må vera meir enn berre eit kompetansemål, noko instrumentelt, sjølv om veldig mange sjølv sagt tenkjer på resultat og eksamen.

START TIDLEG: Øystein trur ein del av løysinga på betre nynorskhaldningar er å starta undervisninga tidlegare. Sjølv underviser han på nynorsk i alle fag.



Bokmålsbrukar med nynorskbøker

Ikkje alle som er medlem i Katten Målungdom og har nynorskbøker er nynorskbukarar. Norsk Tidend tek ein prat med Astrid i fyrste klasse. Ho har valt å ha fleire av lærebøkene sine på nynorsk, sjølv om ho har bokmål som hovudmål.

– Eg har alltid vore glad i norskfaget og språkhistorie, og ville bli betre i nynorsk. Då var løysinga å lesa endå meir, og gjerne i andre fag enn norsk.

Ho har no bøker på nynorsk i mellom anna geografi og samfunnsfag.

– Merkar du nokon forskjell?

– I starten var det vanskeleg, særleg fagtermar og slikt var vanskeleg. No går det derimot veldig greitt, eg tenkjer ikkje så mykje over om det er bokmål eller nynorsk lenger, fortel Astrid, som også vil tilrå andre elevar og skular å gjera det same ho har gjort.

Astrid fortel at det var negativitet omkring nynorsk på ungdomsskulen. På Bergen katedralskole opplever ho derimot at det er meir interesse for språk, noko som gjer norskfaget generelt og nynorsk spesielt mykje kjekkare.

– Det er ei heilt anna stemning her. Læraren skriv alt på nynorsk og eg har fått støtte for valet mitt om å byta språk på bøkene.

– Det er også veldig sosialt og kjekt å vera med i Målungdommen. Det er mykje gøy som skjer der. Men eg synest jo også at nynorsk er ein viktig del av norsk historie og kultur.

Skulebibliotekar ved Bergen katedralskole og nestleiar i Noregs Mållag, Live Havro Bjørnstad, fortel at Katten har fleire bøker på nynorsk enn dei har nynorskelevar. Det er fordi det ikkje skal vera eit problem for dei som ønskjer å byta språk, og det er ein sjølvstøtt del av budsjettet.

– Her skal det vera mogleg for alle som vil å byta eller veksla slik Astrid har gjort, seier ho.

Knoting og usikkerheit

– Eg har ikkje full oversikt her og no, men eg opplever at ein del elevar med nynorsk som hovudmål strevar med å få «stramma



ANDRE BOLLAR: Nynorskelevane fortel at dei får god støtte og oppfølging frå lærarane. Det er vesentleg for at dei held fram med å ha nynorsk. Her er skulebibliotekar og nestleiar i Noregs Mållag, Live Havro Bjørnstad, i samtale med mål-ungdomselevane over heimebakst.

inn» nynorsken i eit bokmålsområde. Det er noko knoting, seier Kristoffer Robin Kirkhus, lærar ved Bergen katedralskole.

Han er nyttilsett ved Bergen katedralskole, men har vore lærar i fleire år tidlegare. Her underviser han i norsk og samfunnsfag, og har elevar med både bokmål og nynorsk som hovudmål. Han er ærleg om at det å undervisa i nynorsk, både som hovudmål og sidemål, tidvis er utfordrande.

– Eg har jo alltid skrivne bokmål, så all undervisinga mi går føre på bokmål. Mitt mål som norsklærer er å gjera dei trygge og gode i det norske skriftspråket deira, men eg må vera ærleg og innrømme at nynorsk er den delen av faget mitt eg kjenner meg minst tilstrekkeleg i, fortel Kristoffer audmjukt.

– Det er viktig for meg at nynorsk ikkje berre skal vera eit kompetanssmål, men at det skal bli behandla med respekt og i ein heilskap. Då tenkjer eg av og til at det er litt respektlaust at eg ikkje føler meg trygg nok i det, legg han til.

– Kva trur du knotinga kjem av?

– Elevane er ikkje akkurat omgitt av tekstmateriale, det er éin ting som er vanskeleg. Det held liksom ikkje det ein får på skulen.

– Har knotinga samanheng med lågare leseglede, trur du?

– Nei den gleda er genuin hos mange her. Eg opplever at litte-

ratur gir elevane glede og skapar gode samtaler, svarar han kontant.

Kristoffer kan ikkje minnst at sidemålsundervising eller nynorsk var tematisert på lærarstudiet då han gjekk det for om lag 12 år sidan.

– Eg kan ikkje hugsa at det var snakka om at ein skal undervisa i klasserom med to ulike skriftspråk, eller at eg lærte korleis ein best underviser i nynorsk som sidemål.

Kva som skjer om ein tek vekk vurderinga i sidemål, har han ikkje noko enkelt svar på.

– Det er eit godt spørsmål, eg veit at mange opplever det som urettferdig at karakteren er der. Det krev mykje disiplin å vera eit tospråkleg menneske i det daglege, eller vera i ei rolle eller situasjon der ein får trening i begge skriftspråka. Samstundes er jo nynorsk språket til mange, og det må ein også respektera.

“ Det er også veldig sosialt og kjekt å vera med i Målungdommen. Det er mykje gøy som skjer der. Men eg synest jo også at nynorsk er ein viktig del av norsk historie og kultur.

Astrid

Fekk negative reaksjonar av å skifta til nynorsk

Då Silje Nathalie Luvåsen skifta til nynorsk i 2018 fekk ho så sterke reaksjonar at ho **mista venner**.

MEMUND N. KNUDSEN
vemun.d.knudsen@nm.no

■ – Nokon fortalde meg at dei ikkje forstod kva eg skreiv, og frå andre var det generelt svært sterke og negative kommentarar, fortel Silje.

Silje Nathalie Luvåsen er lærar ved Bjørnholt videregående skole i Oslo, og er vara til styret i Noregs Mållag. Ho skifta til nynorsk då ho studerte til å bli lærar ved Høgskolen i Innlandet i 2018, og har halde fast ved det sidan.

– Først starta eg å skriva nynorsk for å øva meg og læra det. Eg skulle jo bli lærar! Eg skifta Facebook-innstillingar til nynorsk, eg byrja å skriva nynorsk til alle eg studerte med, då var vegen kort til å berre byta heilt.

Fridom

Silje skriv framleis bokmål dersom ho skal ta avstand til det ho skriv, men både bacheloroppgåva og masteroppgåva blei skrivne på nynorsk. Silje fortel at ho set pris på fridomen som finst ved å ha to norske skriftspråk.

– Eg opplever at nynorsken ligg nærmare dialekta, og då ligg han òg nærmare slik eg tenkjer. Det er lettare å få tankane mine ned på eit ark, i skriven form, når eg skriv nynorsk, legg ho til.

I jobben som lærar skriv ho konsekvent nynorsk, og det blir stort sett motteke med respekt frå elevane.

– Ein elev spurde meg om folk reagerer på at eg skriv nynorsk, då måtte eg seia ja. Eleven syntest det var rart at folk reagerte på det, fortel Silje.

Betrar haldningane

Det er mange minoritetsspråklege elevar ved Bjørnholt videregående skole, og fleire av desse fortel til Silje at dei blir fortalde at dei er heldige som slepp nynorsk. Silje er overtydd om at det at ho skriv nynorsk på tavla gjer haldningane til elevane betre.

– Elevane vert mindre fordomsfulle fordi dei faktisk møter nokon som skriv nynorsk. Her i Oslo har fleire eit bilete av at folk berre skriv nynorsk på vestlandet, og viser dei at det ikkje er slik.

– Har du møtt nokon som seier dei ikkje forstår når du skriv på tavla?



HJARTESPRÅK: Trass i at ho fekk negative tilbakemeldingar, er Silje veldig klår på at det er nynorsk som er hjartespråket hennar.

– Nokon spurde meg ein gong om eg kunne vera grei og skriva på bokmål heller. Då sa eg nei, og bad dei spørja om dei lurte på noko eller ikkje forstod. Etter det har eg ikkje fått det spørsmålet noko særleg.

– Det er mykje snakk om at elevar i skulen hatar nynorsk. Korleis opplever du dette?

– Eg får ikkje så mange spørsmål om kvifor vi skal læra det. Om dei spør, fortel eg at dei lærer dette for å delta i eit demokrati. Dersom dei no ikkje forstår nynorsk, skal dei ekskludera dei 600 000 som nyttar det? Eg opplever ikkje at elevane er så negative som mange seier, fortel Silje.

Tryggare elevar

Silje underviser i faget teknologiforståing i tillegg til norsk, og også desse timane går føre seg på

nynorsk. Det er viktig, meiner Silje.

– Eg trur elevane blir tryggare i å skriva nynorsk og mindre fordomsfulle av at eg sjølv brukar det i alle høve. Og så får dei jo veldig mykje gratis ved at eg skriv nynorsk på tavla.

Ikkje berre negativt

Sjølv om elevane ikkje lagar mykje oppstyr rundt at Silje skriv på nynorsk i timane, er det ikkje alle som har teke språkskiftet hennar i 2018 like godt. Ho fortel at enkelte i kretsen hennar hadde svært negative reaksjonar på at ho skifta til nynorsk.

– Språk er sårt og personleg, så det er klart det kan blir mange kjensler. Nokon fortalde meg at dei ikkje forstod kva eg skreiv, andre reagerte litt latterleggjerande og generelt negativt for at eg hadde teke dette valet, fortel Silje.

– Kvifor reagerte folk så sterkt?

– Det kan henda dei som reagerte negativt opplevde at eg endra identitet. Språk er jo eit identitetsspørsmål, og det vekker assosiasjonar. Men eg vil gjerne leggja til at det var nokon som sa dei ikkje la merke til at eg byta før eg poengterte det, så det har ikkje berre vore negativitet, altså, fortel Silje, som tykkjer det er snodig at ikkje fleire har sett samanhengen mellom nynorsk og hedmarksdialektane.

Etter at Silje byta til nynorsk, lærte ho noko nytt om familiehistoria si.

– Eg har aldri møtt morfaren min, men eg fekk høyra at han visstnok vaks opp med nynorsken. Det visste eg ikkje, men var jo fint å høyra. Kanskje det ikkje var så rart at nynorsk er hjartespråket mitt?

I 2025 er det til saman sett av 102,4 millionar i auka rammetilskot til kommunane for å finansiera **språkdelte klassar i ungdomsskulen**. Mållaget er fortvilte over at pengane ikkje går til dei kommunane som må oppretta nye klassar.

Oslo har to elevar – får elleve millionar

MEMUND N. KNUDSEN
memund.knudsen@nm.no

■ På barneskulen har ein hatt rett til skriftleg opplæring i eiga elevgruppe – gjerne kalla «klasseinndeling etter val av hovudmål» – i eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke er opplæringsmålet. Til dømes: Dersom foreldra til minst ti elevar ynskjer nynorsk som hovudmål i ein kommune som har vedteke bokmål, har dei rett til å gå i eigen klasse.

Etter at den nye opplæringslova tok til å gjelde 1. august 2024, vart denne retten utvida til ungdomstrinnet. Dette er ein rett Mållaget har kjempa for i mange år.

– Målsettinga med å kjempa for denne retten var klar; å hindra at nynorskelevane skulle skifta språk fordi elevane vart sette i klasser der bokmålelevane var i fleirtal, forklarar Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

– Vi såg ofte at omsynet til språkopplæring konsekvent vart nedprioritert, difor var denne retten viktig å få inn i opplæringslova, legg han til.

Mest til Oslo

Regjeringa lova at denne nye språkkretten skulle bli fullfinansiert i både 2024 og 2025. Difor har regjeringa auka rammetilskotet til kommunane for grunnskulen med cirka 40 millionar i 2024, og 60 millionar i 2025. Til saman 102,4 millionar kroner er sette av til ordninga i 2025.

Pengane er ikkje øyremerkte, og blir fordelte som rammetilskot til alle kommunar i landet. Med fordelingsnøkkelen slik han er i dag, går 11 av 102,4 millionar til Oslo kommune, som har to nynorskelevar i heile kommunen. Evje og Hornnes, som har 259 nynorskelevar og 179 bokmålelevar, får 85 308 kroner.

– Me opplever at pengane går til kommunar som

ikkje kjem til å bruka dei på språkdeling av klassar, og dei kommunane som treng å gjera det, er ikkje godt nok kompenserte for meirkostnaden, seier Peder Lofnes Hauge.

Mållaget fryktar at den økonomiske situasjonen i kommunane gjer at det som skal vera ein stor siger for språkkretten til norske elevar, særleg for nynorskelevar i pressområde, blir utvatna når pengane ikkje følgjer det reelle behovet i kommunane.

– Vi veit det er mange kommunedirektørar som lar vera å språkdel klassane når den økonomiske situasjonen er som han er, særleg når dei ikkje blir kompenserte økonomisk av regjeringa, slik dei vart lova, seier Peder Lofnes Hauge.

“ **Regjeringa har gjeve nynorsken ein kjempesiger i opplæringslova, og funne pengane til dei. Då vil det vera heilt parodisk om pengane likevel ikkje kjem fram til dei som skal ha dei.** ”

Spørsmål til statsråden

Før jul stilte stortingsrepresentant Sveinung Rotevatn (V) spørsmål til tidlegare kommunalminister Erling Sande (Sp).

Ifølgje Rotevatn viser talet på sjuandeklassingar i fjor at det er 54 skular i 36 kommunar der det kan bli aktuelt med språkdeling i ungdomsskulen. Desse tala stemmer, ifølgje Grunnskulens informasjonssystem (GSI), der ein

kan finna informasjon om elevtalet og val av hovudmål i grunnskulen.

I spørsmålet til Rotevatn, kjem det fram at dei 36 kommunane der det kan bli aktuelt med språkdeling, berre får 17,3 millionar. Det betyr at cirka 80 % av dei midla som er sette av til språkdeling av klassar i ungdomsskulen, går til kommunar der dette mest sannsynleg ikkje er aktuelt.

I det skriftlege svaret som kom frå statsråden 7. januar, vart det stadfesta at ordninga med vitande vilje er innretta slik.

– Det er vanskeleg å vita på førehand kva kommunar som vil bli påverka av den nye retten og korleis kommunane vil organisera seg i dei tilfella der det blir aktuelt. Det er derfor ikkje mogleg å seia noko sikkert på førehand om meirkostnadene for kvar enkelt kommune. Kva kommunar som kan bli påverka av den nye retten vil også kunne endra seg over tid. Midla er derfor på vanleg måte fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, slik at alle kommunar blir kompenserte for moglege ekstrakostnader knytte til den utvida retten, står det i svaret.

Parodisk

Peder Lofnes Hauge og Noregs Mållag er svært skuffa over svaret frå tidlegare kommunalminister Erling Sande, og er urolege for at sigeren blir kasta vekk. Han håpar regjeringa endrar fordelinga av pengane. Aller helst skulle han og Noregs Mållag sett at kommunar som har nynorskklassar burde kunna søkja om middel til dette, slik at pengane faktisk går dit det er behov.

– Regjeringa har gjeve nynorsken ein kjempesiger i opplæringslova, og funne pengane til dei. Då vil det vera heilt parodisk om pengane likevel ikkje kjem fram til dei som skal ha dei.

■ kringkastingsringen



JÓGVAN HELGE GARDAR
Leiar i kringkastingsringen

KI må trene på nynorsk

■ Det kjem sjeldan ei teknologisk nyvinning utan stadfesting og forsterking av det gjeldande. Dei har som regel ei klar slagside mot fleirtalet, om det så er snakk om trykkpressa, fjernsynet, tekstbehandlingsprogram eller TikTok. Slik er det også med dei nye KI-tenestene. Sjølv med nær uavgrensa kjeldetilfang og prosessormusklar, klarer ikkje dei store språkmodellane å bli like gode i dei små språka som i dei store. Her i Noreg tyder det alltid at bokmål vert favorisert framfor nynorsk og minoritetsspråka, men det gjeld også internasjonalt: Alle språk vert miniputtar mot engelsken, som ikkje berre utgjer halvparten av alle heimesider på internett, men som også kryp inn i dei mindre språka. Slik er det også for norsk: I haust fann Språkrådet at engelske formuleringar og anglisismar konsekvent skin gjennom i dei norske tekstane produserte av ChatGPT.

■ I den same undersøkinga kom bokmålet klart best ut: Der bokmålstekstane hadde 2,6 feil per side, hadde nynorsktekstane heile 8 feil per side. Feila i nynorsktekstane var som regel også grovare, med mange galne bøyingsformer og lån frå bokmål av ord som ikkje vert nytta i nynorsk. Sjølv om ChatGPT stort sett skriv meir konservativt bokmål, har han førebels ikkje eit godt grep om normval på nynorsk, og vekslar ofte mellom bokmålsnære og meir tradisjonelle ordval.

■ På denne fronten er det dermed nyttig at selskap som Schibsted inngår avtaler med OpenAI, selskapet bak ChatGPT. Vonleg vil det gje betre språkføring, både ved direkte sitat frå journalistar som skriv god norsk, og ved opptrening av språkmodellen i botn. Igjen vert det likevel slik at nynorsken vert forfordelt, ettersom brorparten av språkmaterialet til Schibsted er på bokmål (og svensk). Det er sjølvsagt også framleis god grunn til å bekymre seg for forholdet store aktørar som OpenAI har til opphavsretten, og i neste instans, til sanninga. I ei digital verd som favoriserer dei som alle-reie har mest, både menneske og språk, er det likevel positivt at dei norske mediebedriftene heng med i tida. Alternativet, akkurat no, er verre.

landet rundt

Nesna Mållag skipa opp att

Den første februar vart **Nesna Mållag** skipa opp att for andre gong. Laget vart opprinneleg skipa i 1925, og er soleis 100 år i år!

Det er **Berit Oksfjellelv** som står bak initiativet om oppattskipinga. Ho er stipendiat ved Fakultet for lærarutdanning og kunst- og kulturfag på Nord universitet.

Det var føredrag om historia til nynorsken på Nesna frå midten av 1800-talet til i dag ved Berit Oksfjellelv og Hallvard Kjelen. Det var informasjon om mållaget og lokale vyar og visjonar for lokal-laget ved Kurt Are Einmo. Det var diktopplesing av den lokale forfattaren Jon Klæbo ved Anne Lise Wie og musikalske tolkingar av Elias Blix ved Marian Børli Sivertsen og Snorre Magnus Sivertsen. Ingar Arnøy frå Skrivarstova stilte.

Det er til no 19 medlemmer i Nesna Mållag. 13 folk kom på skipingsmøte (ti hadde meldt frå at dei ikkje kunne koma). Blant dei 13 var m.a. ordførar i kommunen, og det var også vitjing av lokal presse. Møtet valde eit fullt styre (5) og Berit Oksfjellelv vart leiar.

Vi gratulerer Berit som leiar og ønskjer Nesna Mållag lukke til!



Julemesse i Naustdal

Laurdag 23. november var **Naustdal Mållag** med på julemessa i Naustdal. Vårt lokale Selja Forlag gav oss gode rabattar på nye og lokale bøker. Takk til forlaget!

Nokre bøker hadde vi frå eiga hylle, til saman selde vi 11 bøker og 22 kalendrar. Det var kjekt å vere ute blant folk!

På biletet sit seljarane **Harald Runde** og **Leiv Sølberg**, frå styret i Naustdal Mållag.

Stødt Bar & Scene heidra med målblomen til Ørsta mållag

Torsdag 28. desember, midt under «torsdagsbørsen», overrekte leiar **Ingebjørg Øyehaug** og styremedlem **Jostein Mo** Målblomen til gjengen på Stødt.

– Stødt brukar konsekvent nynorsk både på facebooksida si og nettsidene sine. Dei ynskjer å vere ein arena for det aller meste innan kultur og trivsel i Ørsta. Stødt fortener difor ein målblome for bruken av nynorsk i kommunikasjonen med ørstingane, heiter det i grunngjevinga.

Styreleiar **Vidar J. Vartdal** og dagleg leiar **Steffen Ytterstad** tok i mot prisen.

– Noko av det fine her, er at de kjem til oss. Dette er ikkje noko vi har søkt om, og vi set pris på heideren. For oss er det ikkje noko som er nedfelt at vi skal nytte nynorsk. Det berre fell heilt naturleg for oss, seier Vartdal.

Ørsta Mållag deler ut to forskjellige prisar. Det er «Målprisen» som går til ein verdig mottakar. Her er det ei eiga nemnd som innstiller på ein mottakar, og prisen vert delt ut på årsmøtet til laget.

«Målblomen» gir styret spontant til ein person eller ei verksemd som nyttar nynorsk i kommunikasjonen sin.

– Dette er første målblomen me deler ut i 2024. Det har hendt at me har delt ut to målblomar per år, fortel Røyarhus Øyehaug.

Trønderlagets målpris til Kristofer Uppdals venner

Trønderlagets målpris går kvart år til nokon som har gjort ein stor innsats for nynorsk i Trøndelag. I 2025 går prisen til foreininga **Kristofer Uppdals venner**. Vennelaget har i mange år vore ein viktig og positiv aktør for å auke kunnskapen om Kristofer Uppdals forfatterskap.

Gjennom fleire arenaer har Kristofer Uppdals venner sidan oppstarten i 2006 gjort mykje for å fremme mennesket og forfattaren Kristofer Uppdal (1878–1961) frå Beitstad i Steinkjer. Mellom anna arrangerer dei Uppdalsdaggån, som er eit litteratur-

arrangement i samband med Hilmarfestivalen. Her får publikum møte det nyaste innan forskinga på forfatterskapen til Uppdal, opplesingar og konsertar.

I 2024 var det 100 år sidan *Dansen gjennom skuggeheimen*, som er Kristofer Uppdals hovudverk, vart ferdigstilla. I løpet av ti laurdagar i haust arrangerte Kristofer Uppdals venner høgtlesing av dei ti banda i Steinkjer kulturhus. Det heile vart gjennomført på ein profesjonell og høgtidleg måte, og lesestundene var godt besøkte.

I alt Kristofer Uppdals venner publiserer er nynorsken ein naturleg del av det heile. Vi gratulerer Kristofer Uppdals venner med Trønderlagets målpris 2025!

Mållagsseminar i «Gullvillaen» i Stangvika

Under seminaret til Nordmøre Mållag laurdag 8. februar i Stangvika fortalde **Svein Sæter** om «Gullkongen» Fredrik Bruseth og «Gullvillaen» – Rønnan. Det var 33 oppmøtte.

Fredrik Bruseth reiste til Amerika i 1889 for å berge familiegarden. Far hans, Christen Bruseth, var i økonomisk knipe og stod i fare for å måtte selje gard og grunn. Familienamnet Bruseth er frå Todalen, Christen var frå Brusethaugen. Familien hadde store økonomiske problem og stod i fare for å miste garden. Fleire av ungane reiste til Amerika for å skaffe pengar til foreldra. Fredrik, yngste sonen, reiste til USA i 1889 og vidare til Alaska i 1893 for å leite etter gull og rikdom. I motsetning til dei fleste gullgravarane er Fredrik dyktig eller heldig og gjer i 1906 eit gedigent gullfunn i Eldorado Creek. Han sel 118,6 kg gull i San Francisco, i dag ville dette hatt ein verdi på ca. 100 millionar kroner.

Nordmøre Mållag gjev ut tidsskriftet *Du mitt Nordmøre* kvar haust. **Bjarne Østbø** frå Surnadalseidet og mangeårig rektor ved Surnadal ungdomsskule, var redaktør i mange år. Alle hefta er å finne på nett.

I pausen vart det servert middag – nydeleg suppe med kjøtt av elg og hjort og heimelaga saft til drikke. Betre kunne det ikkje bli! Måltidet vart avslutta med dessert – «Tilsørte bondepiker» med kaffi.



Flott jubileumskveld for bladet JØLST

Det er 40 år sidan styret i Jølster Mållag vedtok å gje ut eit årleg julehefte. Dette måtte feirst! Vi inviterte difor til jubileumskveld i Eikåsgalleriet og vart ikkje skuffa over frammøtet. Fleire av dei som var med å starte bladet var møtte opp. **Kyrre Eikås Ottersen** frå Teater Vestland las opp tekstar frå tidlegare årgangar, **Sigmund Eikås** og **Eldrid Svidal Hovda** underheldt med felespel, og vi presenterte *JØLST* 2024.

For styret i *Jølster Mållag*, **Einar Gautefall**



Foto Morten Brun / Aschehoug

Helge Torvund heidra av Hå Mållag «for eit livsverk»

Hå Mållag har nyleg delt ut målprisen for 2024 til **Helge Torvund** – som bur i Hå kommune – og vi hadde ei flott tilstelling om kvelden med både tekst og musikk. Trubaduren **Jarle Obrestad** har tonesett fleire av Helge Torvund sine tekstar, og tidlegare redaktør i Stavanger Aftenblad, **Tom Hetland**, heldt tale til prisvinnaren.

Her er det som styret har sagt som grunngjeving ved denne tildelinga:

At Helge Torvund skriv nynorsk kjem ikkje spesielt overraskande på nokon. Tvert om, det er så naturleg at det er ikkje mange som kjem på å nemna det som noko spesielt. Det meste av det han skriv er så gjennomført og rotfesta Jærsk og lokalt og globalt samstundes at det truleg ikkje kunne vore skrive på noko anna enn nynorsk.

Me veit ikkje om nokon har kome på å gi han nokon målpris tidlegare. Ofte er det slik at det sjølv-sagde ikkje blir sett og sett pris på før nokon stiller det enklaste spørsmålet, som i stykket om keisaren sine nye kler: «Kvifor har han ikkje kler på seg?»

– Kvifor har ikkje Helge Torvund fått målprisen før?

Å skriva ei grunngjeving for kvifor Helge Torvund skal få målprisen er ei umogleg oppgåve. Det er sjølv-sagt at Helge Torvund skal få målprisen! Ikkje bare for 2024, men for eit livsverk!

Me gratulerer Helge Torvund!

Høgskulen på Vestlandet:

Opprettar emne for «nynorsk som sidemål»

Høgskulen på Vestlandet opna 1. februar opptak til eit **etterutdanningstilbod** for lærarar som underviser i nynorsk som sidemål.

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – Vi ønskjer å driva ei meir effektiv og lystbetont sidemålsundervisning, seier Eli Bjørhusdal ved Høgskulen på Vestlandet.

Det er eit vidareutdannings-emne som er retta mot lærarar som allereie jobbar i ungdomsskulen eller vidaregåande. Påmeldingsfristen er i april med oppstart i haust, og gjev 15 studiepoeng. Emnet tek form som eit nettkurs ein kan gå gjennom når ein ønskjer, med arbeidsoppgåver knytte til kvar økt. Det skal også vera synkrone undervisingsøktar ein gong i månaden, der det vil vera aktive læringsformer, plenumsdiskusjonar og erfaringsutveksling.

– Det er viktig at folk skal kunna ta kurset utan å bli frikjøpte, fortel Bjørhusdal. Ho understrekar at kursoppstart er avhengig av at folk melder seg på.

Meir effektiv undervisning

Kurset er det fyrste i sitt slag, og har som mål å læra vekk metodar for å gjera sidemålsundervisninga i nynorsk betre ved å gjera ho meir effektiv, motiverande og gøy.

– Det å arbeida med tekstar, introdusera litteratur eller høyra nynorske songar krev ikkje like mykje av elevane som det å faktisk produsera nynorsktekst sjølv. Det er nynorskskrivinga som er krevjande for lærarane å undervisa i, fordi det er eit uvant språk for elevar som ikkje ser mykje nynorsk utanfor skulen, forklarar Bjørhusdal.

“ **Heile lærarutdanninga treng å styrka nynorsk-opplæringa si. Vi treng ein nynorsk didaktikk for norsk lærarutdanning.**

Eli Bjørhusdal, Høgskulen på Vestlandet

– For å produsera eit skriftspråk er du nøydd til å vera eksponert for det. Mykje meir enn det mange elevar får i dag, legg ho til.

Nynorsk didaktikk

Det har vore tematisert mellom anna av Noregs Mållag at undervisning i både bokmål og nynorsk ikkje er tematisert godt nok i lærarutdanningane. Det er mange lærarar som ikkje kjenner seg stødige nok til å undervisa i nynorsk.

Sjølv om emnet til HVL er retta mot dei som allereie er lærarar, kan det gje nyttige erfaringar som kan bli teke inn i den generelle lærarutdanninga, forklarar Bjørhusdal.

– Heile lærarutdanninga treng å styrka nynorskopplæringa si. Vi treng ein nynorsk didaktikk for norsk lærarutdanning, ein plan for korleis lærarutdanninga skal kunna bruka nynorsk betre.

– Vi trur at eit nettkurs som berre baserer seg på sidemålsundervisning, metodikk og didaktiske inngangar for elevar som ikkje har nynorsk som hovudmål, men som sidemål, fortener eit eige didaktisk opplegg, avsluttar ho.

Ynskjer tilbodet velkomen

– Dette er eit tilbod vi ynskjer velkomen! Vi veit at mange lærarar har for svak kompetanse til å driva lese- og skriveopplæring i og på nynorsk, men samstundes veit vi at viljen til å tileigna seg meir kunnskap og kompetanse er stor hos norske lærarar, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, om emnet.

– Eg håpar dette tilbodet blir populært og at det kan inspirera til at HVL og andre lærarutdanningsinsitusjonar i betre grad sikrar nynorskkompetansen også til studentar som skal ut i skulen.

– HVL viser vilje til å finna løysingar i møte med ei kjend utfordring i norske klasserom. Det fortener dei ros for!



OVERFØRINGSVERDI: Eli Bjørhusdal håpar at erfaringane frå nynorskemnet kan brukast inn i den generelle lærarutdanninga.

Foto: Privat

120 millionar til nye språksenter

Universitetet i Bergen og Universitetet i Oslo får høvesvis 80 og 40 millionar kroner til nye senter for norsk fagspråk. Det er Forskningsrådet som deler ut pengane over åtte år.

– Det er ikkje mykje fagleg som kan skje utan at fagkommunikasjonen er i bruk, seier førsteamanuensis Marita Kristiansen, som skal leie senteret ved UiB.

Nasjonalt senter for norsk fagspråk skal starte opp i august 2025 og kjem inn i eit allereie stort fagmiljø

på universitetet som allereie forvaltar Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk Ordbok mellom anna.

Senteret i Bergen skal koordinere forskning på fagspråk. Målet er mellom anna å utvikle og styrke norsk fagspråk i utdanning, arbeidsliv og samfunnet.

Senteret i Oslo skal utvikle språkteknologiske ressursar for å varena bruk av norsk som fagspråk i forskning, høgare utdanning og forvaltning. (NPK)

– Vi hadde eit mål om å behandle Ivar Aasen med respekt. Dette skulle ikkje vere ein komedie. Det er den dramatiske delen av livet hans vi ville følgje – eit klassisk karakterdrama, seier dei to initiativtakarane til ***Ivar Aasen – ein musikal***.

Ein ny, norsk musikal om nynorskens far

ESPEN TØRSET

■ Ein sein førjulskveld på Sellanraa Bok & Bar i Trondheim møter vi to kreative og dyktige karar som har landa etter eit år som har stått i Ivar Aasen sitt teikn. 24. oktober hadde Samfundets Interne Teater i samarbeid med Studentersamfundets Orkester, Trondhjems Studentersangforening og Trondhjems kvinnelige Studentersangforening premiere på *Ivar Aasen – ein musikal*. Ei framsyning som er basert på den ekte historia om Ivar Aasen, og som byggjer på hans eigne skildringar frå brev, dagbøker og lyrikk.

Om lag 2600 publikummarar fekk i løpet av sju framsyningar oppleve eit fyrverkeri av ein musikal i Studentersamfunnet. Det er ikkje ei overdriving å seie at framsyninga vart ein snakkis i Trondheim i haust.

– Det er kjempeartig. Artig at historia engasjerer, og så er det artig at mange billetter vart selde etter premieren. Det var tydeleg at ryktet om framsyninga spreidde seg, seier Olav Ødegård, den eine av dei to initiativtakarane til musikalen.

– Det kom mange folk som vanlegvis ikkje dukkar opp på studentteater. Det var eit mangfaldig publikum, og det set vi pris på.

Vegen til Solnør

Olav Ødegård (26) frå Trondheim og Marcus Grand Michaelsen (27) frå Haugesund har budd og studert i trønderhovudstaden sidan 2017. Dei møttest som studentar, men er no i startgropa i yrkes-



VENNAR AV AASEN: – Det er viktig å seie at det ikkje berre er vårt prosjekt. Vi føler vi no har 270 venner som no er glade i Ivar Aasen og nynorsken. Det er ei veldig fin kjensle, fortel Olav Ødegård og Marcus Grand Michaelsen etter gjennomført *Ivar Aasen*- musikal.

livet. Ødegård er sivilingeniør og arbeider for Siemens Energy. Grand Michaelsen tar doktorgrad i materialteknologi.

I studietida har teater vore ein sentral arena for dei to kompisane. Magnus Grand Michaelsen

har tidlegare vore komponist for fleire UKE-revyar i Trondheim. Han har alltid bruka mykje tid på musikken, både som utøvar og komponist.

– Eg har skrive ein del musikk. Eg har bruka tid på å lære meg



FULLT FOR AASEN: Framsyninga var nesten tre timar lang og hadde eigenkomponert musikk. Musikalen gjekk for fulle hus over ei vekes tid i Trondheim.

“ **Det er ei spennande historie og det er ei spennande setting. Denne perioden på 1800-talet er fascinerande. Det var liksom då det Noreg vi kjenner vart Noreg. Då er det veldig artig å arbeide med ei historie som vaks fram i denne tida, seier dei to karane engasjert.**

komponist-verktøyet, seier han, før han går over til å forklare bakgrunnen til at dei byrja skrive ein musikal om Ivar Aasen.

– Spørsmålet vi i Samfundets Interne Teater stilte oss, var: kva skulle vi setje opp hausten 2024. Vi var tidleg klar på at vi ville setje opp ein musikal. Neste steg var at vi ville lage ein eigen musikal. Så var det å finne eit spennande tema. Vi snakka om forskjellig, smiler Grand Michael-elsen.

– Så kom vi innom Ivar Aasen. Det kunne ha vore noko!

Dei reiste til London for å få inspirasjon frå musikalscenene der. Les Miserables, Book of Mormon og Hamilton. Gutane fann ut at det ikkje var skrive så mykje teater om Aasen tidlegare. Men var det eigentleg noko å skrive om?

– Etter å ha sjekka litt rundt historia til Ivar Aasen, fann vi fort ut at her var det noko å ta tak i. Dette var spennande!

Ei av inspirasjonskjeldene var dokumentaren Oddgeir Bruaset laga for NRK i 1996, ein dokumentar som enno er å finne hjå NRK.

– Det var her vi spesielt fatta interesse i forholdet mellom Aasen og Susanne Daae frå garden Solnør, seier Ødegård.

– Vidare har vi bruka mykje tid på å lese alt som er skrive om Aasen. *Historia om Ivar Aasen* av Ottar Grepstad har vore ei fin kjelde. I tillegg til alt som Aasen skreiv sjølv.

Grand Michael-elsen og Ødegård vart ikkje berre hekta på livet og

arbeidet til Ivar Aasen. Dei fatta også interesse for den tida Ivar Aasen levde i.

– Det er ei spennande historie og det er ei spennande setting. Denne perioden på 1800-talet er fascinerande. Det var liksom då det Noreg vi kjenner vart Noreg. Då er det veldig artig å arbeide med ei historie som vaks fram i denne tida, seier dei to karane engasjert.

– Eg vil seie at dette er vår Les Miserables! ler Grand Michael-elsen.

– Hehe ja, vi følte at 1800-talet i Noreg var litt som Frankrike nokre år tidlegare, supplerer Ødegård.

– Her fann vi eit Noreg i støype-skeia. Det var artig å utforske sider ved Noreg som ligg litt i den norske ryggmergen. Fjellbygder og Kristiania. Mange har kanskje eit bilete av korleis det var på 1800-talet.

Garden Solnør (i dag i Ålesund kommune) har ein sentral plass i musikalen om Ivar Aasen. Det var i 1835 Ludvig Daae gav Aasen stillinga som privatlærer for ungane på garden. Det var på denne kystgarden Aasen møtte Susanne, og det var her han skreiv essayet «Om vort Skriftsprog».

– Ikkje for å skryte altså, men eg trur eg no snart kan kalle meg ein slags ekspert på familien Daae, ler Grand Michael-elsen.

– Eg er nesten som ei slektsbok om denne familien. Eg var til tider særst opphengt i kven Susanne Daae var. Ho er gravlagd i Tvedestrand. Det verkar som



MINNEVERDIG: Det var fleire ulike sjangrar på musikkinnslaga, der ein «rap-battle» mellom Ivar Aasen og Knud Knudsen står som det mest minneverdige

“ Vi hadde eit mål om å behandle Aasen med respekt. Dette skulle ikkje vere ein komedie. Det er den dramatiske delen av livet hans vi ville følgje. Eit klassisk karakterdrama.

grava no er fjerna, men det skal eg finne ut av. Eg vil gjerne reise dit å sjå!

Kven var Ivar Aasen?

Mange i Noreg har ei haldning til namnet Ivar Aasen. Men kva denne haldninga handlar om, er ikkje alltid enkelt å vite. Dette er noko Ødegård og Grand Michaelson har snakka ein del om, og som vart eit viktig element i arbeidet med denne musikalen.

– Ivar Aasen blir eit symbol for sidemålsundervisninga, men eg trur kanskje ikkje så mange er så opptekne av han som person. Eitt av måla våre har vore å løfte fram denne personen. Kven var han? Tenk at vi sit her no over 200 år etter at han vart fødd, og er oppteken av kven han var. Det er noko å tenke på, meiner Ødegård.

– Det er dette med at elevane i mange klasserom ikkje aner kven Ivar Aasen er. Det dei møter er

nynorsk grammatikk, og ver så god, dette må du lære deg. Så får vi namnet Ivar Aasen og så lærer vi at dette er årsaka til at vi må sitje å pugge desse verba. Ein får inga historie bak. Lite om Aasen, verket, og om motivasjonen til kvifor det vart som det vart. Det er naturleg at haldningane blir negative då. Men her meiner vi at norske klasserom har ei unik moglegheit. Dette er ein kulturarv som kunne vekke ei god kjensle. Dette er ein del av vår identitet.

Praten om nynorsk og sidemålsundervisning får dei to karane inn på nokre artige episodar frå øvingsperioden.

– Dette med nynorsken var ganske vanskeleg for mange av skodespelarane. Det var endingar i alle retningar. Når vi har folk frå Oslo og andre stader i landet, og mange ikkje har lært nynorsk ordentleg tidlegare, då

flyg gjerne verb-endingane i alle retningar, ler Ødegård, og Grand Michaelson held fram:

– Vi gjorde det så enkelt som mogleg. Vi prøvde å droppe former som «tenkje» og «byggje», og halde på «tenke» og «bygge», som munnleg er meir rett fram. Tanken var også at alle skulle få snakke nynorsk med sitt eige tonefall.

– Vi var veldig nøgde med at personane som kom frå Solnør hadde e-ending i verba, medan «fjellheimfolka» hadde a-ending. I tillegg hadde folk i Kristiania kløyvd infinitiv. Genialt, ikkje sant? Problemet er vel at det var ingen som la merke til det! ler Aasen-nerdane.

Nordmannen

Musikalen startar med gravferda, der han blir hylla, og så sluttar framsyninga med når han dør, der han er aleine.



STIPEND: Framsyninga fekk 50 000 kr i stønad frå Noregs Mållag gjennom nynorskstipendet. Mållaget var sjølvsgagt til stades på premieren.

– Ivar Aasen får ikkje oppleve kjærleiken før det er for seint, etter at han er død, seier Marcus Grand Michaelsen.

– Vi hadde eit mål om å behandle Aasen med respekt. Dette skulle ikkje vere ein komedie. Det er den dramatiske delen av livet hans vi ville følgje. Eit klassisk karakterdrama, held Ødegård fram.

– Den dramatikken han opplevde er eigentleg noko han sjølv valde. Det er ei form for tragedie.

– Han var ein vanleg person, med ambisjonar både for språket og for seg sjølv.

Tanken med musikalen var å få fram at Ivar Aasen var eit vanleg menneske.

– Vi opplevde at det er mykje biografisk i det Ivar Aasen skreiv sjølv. Personen kjem tydeleg fram. Han skriv nøkternt om seg sjølv. Nesten litt

sutrete. «Det er ingen som vil ha meg»... seier Marcus Grand Michaelsen.

– Dette er noko ein kan kjenne seg att i også i dag, ler Olav Ødegård.

– Det er noko Facebook- og Messenger-prat med ein kompis over det heile.

Det er tre dikt som går som ein raud tråd i musikalen. «Gamle grendi», der Aasen tenker på heimtraktene, som er ein kontrast til Kristiania: «Ofte minnest eg mi gamle grend, når eg framand uti verdi stend, heimlaus, frendelaus og lite kjend, og likar på leiken ille». Det andre diktet er «Saknad», som handlar om sagn etter kjærleik, og sjølvsgagt «Nordmannen».

– Aasen skreiv mange dikt, og vi ser at her er det mykje fint. Vi er glade for å få løfta fram ein liten bit av dette, konstaterer Ødegård og Grand Michaelsen,

som no må kallast ekspertar på livet og prosjektet til nynorskens far.

Dei to musikalforfattarane vil til slutt få fram at mange rundt produksjonen var veldig engasjerte i dette prosjektet. Mange har sterke kjensler rundt den norske folkekulturen og historia vår.

– Det er viktig å seie at det ikkje berre er vårt prosjekt. Vi føler vi no har 270 vennar som no er glade i Ivar Aasen og nynorsken. Det er ei veldig fin kjensle!

Den kjensla låg tjukt over ensemble og publikum i Storsalen i Studentersamfunnet då finalenummeret med «Nordmannen» tok til.

– Det vart som vi hadde håpa på. Det er litt skummelt med skyhøge ambisjonar når det er amatørteater, men vi følte at vi klarte det!

Det heilage språk

*Då det fyrste ord vart skrive
vart det rissa inn i stein
Det vart skrive på Jesajas mål
med David sine teikn
Då det sidan kryssa havet
og til romarane kom
så vart orda skrifty i latin
og boka skrive om*

*Etter fleire hundre vintrar
varta boka til eit bråk
Martin Luther skifta orda
om til tyskaranes språk
Ja, slik har saga heldt fram
og til Norden kom den opp
Danmark fekk si bok
men her i Noreg sa det stopp*

*Men den gamle bokas lange
pil'grimsferd er ikkje endt
Den skal halde fram til me har fått
vårt eige testament*

*Så vårt landsmål
blir det heilage språk
blir eit mål for ein ny morgongry
All den skrift som har vore
og den skrift som skal bli
På vårt landsmål
som set oss fri*

*Det å leva er ein lærdom
mykje meir enn berre tru
Gjennom skrifty får me hugleiken
som lar vår viten gro
Og den skrifty den må koma
frå eit språk me kan forstå
Og skal me komme dit så
finst det berre ein veg å gå*

*For at folka her i landet
skal få hug til å bli fri
må dei ha eit eige skriftspråk
dei kan sette hugen i*

*Ei verd som skal opne seg
(for alle folk og ting!)
og eit hav som skal dele seg
(eg skjøner ingenting!)
Fem hundre år i mørket, men
den tida er forbi
For vårt landsmål set oss fri
(så du skal sjå, det gjev oss vingene
me treng
for å fly!)*

*Men å leva er så mykje
meir enn berre tru og tvil
Difor treng me eit skriftspråk me kan
legge hjartet til
Eg ser fjell og eg ser fjordar
eg ser hav og himmel blå
og dei gjev meg slik ein fagnad
berre hjartet kan forstå*

*For at me skal kunne skildra
alle tinga me har kjært
må vårt hjarte ta til orde
på eit språk som står oss nært*

Blindeskrifta feira

I år er det 200 år sidan den 16 år gamle franskmannen **Louis Braille** ferdigutvikla punkt-skrifta. No gjeld det berre at det offentlege tek ho i bruk, meiner Noregs Blindeforbund.

HEIDI MOLSTAD ANDRESEN

NPK

■ - Punktsskrift er utvilsamt den oppfinninga som har vore viktigast for livet mitt. Utan ho ville eg kjent meg som analfabet. Du kan jo berre tenkje deg sjølv – korleis livet ditt ville ha vore utan eit skriftspråk, seier Sverre Fuglerud i Noregs Blindeforbund.

I år er det 200 år sidan den 16 år gamle franskmannen Louis Braille ferdigutvikla punkt-skrifta og med det opna opp ei heilt ny verd for blinde og svaksynte. I skriftsystemet, som heiter braille etter opphavsmannen, blir bokstavar, tal og andre teikn markerte innanfor små ruter med plass til seks punkt. Punkta kan danne kombinasjonar av 63 ulike teikn, som ein les ved å føre fingertuppene over teikna frå venstre mot høgre.

Skuffa og utolmodig

I følge Noregs Blindeforbund er det rundt 3.000 punktsskriftbrukarar i Noreg i dag. For dei er det heilt avgjerande at all informasjonen dei treng i kvardagen er skriven med bokstavar dei forstår.

- Me skulle ønske styresmaktenes stilte strengare krav til merking, ikkje minst i plan- og bygningslova, med krav til punktsskrift på skilt og i heisar i offentlege bygg. Ved ikkje å gjere det, meiner me Noreg bryt FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne, som Noreg ratifiserte i 2013, seier Fuglerud.

Han understrekar at for-

“ **Punktsskrift er utvilsamt den oppfinninga som har vore viktigast for livet mitt. Utan ho ville eg kjent meg som analfabet.**

Sverre Fuglerud samfunnskontakt i Noregs Blindeforbund.

Feiring i Målstova

■ Torsdag 16. januar feira Noregs blindeforbund og Biblioteket for tilrettelagt litteratur (Tibi) punktsskrifta med eit gratisarrangement i Målstova på Nasjonalbiblioteket. Der skal journalist og forfattar Hallgeir Opedal intervju ein doktor i synspedagogikk, ein som var sentral i utviklinga av norsk punktsskrift og ein ung politiskar som aktivt brukar braille.

Visste du ...

■ ... at brev og bøker som berre inneheld punktsskrift kan sendast portofritt med posten om dei er merka med eit eige symbol?

■ ... at braillebøker er mykje større og tjukkare enn tradisjonelle trykkbøker? Boka «Tørst» av Jo Nesbø har til dømes 522 sider i vanleg trykk. I punktsskrift er ho på 1318 A4 sider og kjem i 19 bind.


■ ... at ettersom punktsskrift tek mykje plass, har mange synshemma også lært seg kortskrift? Kortskrift er ein slags mellomting mellom «fullskrift» og stenografi.

bundet gjennom åra har vore i regelmessig dialog med styresmaktenes om merking, og at dei i eit møte med politisk leiing i kommunaldepartementet på braille-dagen for to år sidan opplevde at det vart lova fortgang i saka om merking i offentlege bygg. Sidan har dei ikkje høyrte noko.

- Det er klart det er skuffande. Etter så lang tid tek me til å bli ganske utolmodige, vedgår Fuglerud.

Støtte til print

Utan tilrettelegging vil blinde og svaksynte alltid vera avhengige av å få andre til å lese for dei. Det gjeld alt frå brev frå Nav og andre offentlege institusjonar til daglegvarer og utløpsdatoar i butikken.



KRAV OM MERKING: Alle medisinpakningar er, etter krav frå EU, merkte med punktsskrift.

Foto: Heidi Molstad Andresen / NPK

Det positive unnataket er medisinpakningar, som alle er merkte med punktsskrift. Men det er det EU-reglar, og ikkje norske styresmakter, me kan takke for.

Heilt mørkt er det likevel ikkje, påpeikar Fuglerud:

- I statsbudsjettet for 2024 vart det sett av pengar til ei utskriftsteneste for punktsskrift, slik at alle blinde og svaksynte kan få støtte til å skrive ut inntil 600 sider med punktsskrift i året. Det har vore ei kjempevullukka ordning, som blir brukt til alt frå å skrive ut bruksretteleingar til testamente.



STRENGARE KRAV: Sverre Fuglerud i Blindeforbundet meiner norske styresmakter bryt FN-konvensjonen ved å utelate punktsskrift på skilt og i heisar.

Foto: Gorm Kallestad / NTB / NPK

r 200 år



FEIRING: 16. januar feira Noregs blindforbund og Biblioteket for tilrettelagt litteratur (Tibi) punktskrifta med eit arrangement på Nationalbiblioteket. Der intervjuar journalist og forfattar Hallgeir Opedal ein doktor i synspedagogikk, ein som var sentral i utviklinga av norsk punktskrift og ein ung politikar som aktivt brukar braille.

Foto: Beate Haugtra

Engelsk blir stadig meir dominerande blant barn

Nye tal frå **Medietilsynet** viser at engelsk er språket flest barn brukar når dei er på sosiale medium, når dei ser på film, seriar og fjernsynsprogram, eller når dei ser på YouTube. Norsk er mest brukt når dei skal lese, sjå eller høyre nyheiter.

■ På tvers av aktivitetane er det no fleire som seier at dei i alle hovudsak brukar engelsk i 2024, enn i ei tilsvarende undersøking for fire år sidan. Unntaket er når barn og unge ser på film, seriar eller fjernsynsprogram, der bruken av norsk faktisk har auka litt dei siste åra.

– Desse tala kjem neppe som ei overrasking. Norske barn og unge er ivrige deltakarar i ein engelskspråkleg ungdomskultur. Vi er ikkje imot at ungdomane blir gode i engelsk. Men vi registrerer at kanalar der norsk dominerer, tapar terreng, og vi fryktar at dette på sikt fører til at unge kan oppfatte språket sitt som irrelevant i sin eigen kvardag, seier direktør i Medietilsynet, Mari Velsand, i ei pressemelding.

Mindre lesing

Ho viser til at SSB si store tidsbruksundersøking som vart publisert i september i år, viser at tida vi brukar på lesing har falle drastisk. Aldersgruppa 16–24 år las i snitt 38 minutt kvar dag i 1980. I dag les same aldersgruppa i 9 minutt. Tida blir heller brukt på sosiale medium, fjernsynssjåing og dataspel.

Kort og godt brukar dei unge mindre tid på medium der norsk står sterkt, og meir og meir tid på plattformer der engelsk er det dominerande språket.

– Vi kan ikkje forby alt vi er skeptiske til, men vi kan leggje til rette for det vi vil ha meir av. Noreg har ein offensiv medie- og kulturpolitikk som har gitt barn og unge eit rikt tilbud gjennom

tradisjonelle medium. Det finst generelle tiltak som til dømes momsfristak for festivalar, kinoar og scenekunst og nullsats for bøker og aviser. I tillegg kjem direkte tilskot til NRK, filmproduksjon, redaktørstyrte medium og andre aktørar som syter for mangfald innanfor eit felt. Det er viktig at tiltaka omfattar ordningar som treffer dei unge, og som byggjer opp om formidling og distribusjon av norsk innhald, held Velsand fram.

– Våre val er viktige

Åse Wetås er direktør i Språkrådet. Ho minner om vi vaksne er førebilete for barna, og at våre egne val er viktige.

– I staden for å seie «yo, kids», snakk heller litt meir norsk til dei unge. Vi kan sjølve lese bøker og aviser og velje gode norske filmar, seriar og spel, seier ho.

Språkdirektøren åtvarar om at barn og unge kan få eit inntrykk av at norsk ikkje fungerer i ei moderne verd.

– Å møte og bruke både engelsk og norsk er vel og bra, men det oppstår eit problem når engelsk innhald blir for dominerande i forhold til det norske. Dersom det blir slik at norsk berre blir brukt i medium som blir oppfatta som gammaldage, slik som aviser og bøker, medan engelsk dominerer i sosiale medium, dataspel og på andre digitale flater, kan barn erfare at norsk ikkje fungerer, seier Åse Wetås

– Fleksibel politikk

Åse Wetås og Mari Velsand er klare på at vi treng ein fleksibel politikk som tek høgde for at medievane er i rask endring.

– Kanskje det viktigaste av alt er at vi må ha høge ambisjonar for medietilbodet for barn og unge. For å skape trygge språkbrukarar trengst det gode språklege førebilete. Norske ungdomar må få sjå språket sitt i bruk i samanhengar som er relevante for dei, altså på dei digitale flatene dei likar best, heiter det i pressemeldinga frå dei to.

NPK

“ **Vi registrerer at kanalar der norsk dominerer, tapar terreng, og vi fryktar at dette på sikt fører til at unge kan oppfatte språket sitt som irrelevant i sin eigen kvardag.** ”

Mari Velsand, direktør i Medietilsynet



Kari Synnøve Skjong (1943–2025)

■ Synnøve Skjong har nett gått bort, men etterlet seg varige spor i skule, norskfag og lærarutdanning. Då ho kom til lærarutdanninga ved Høgskulen i Oslo i 1991 hadde ho bak seg 20 år i Volda som lærar, praksislærar og høgskulelektor og hovudfag i nordisk.

Norskfaget nytte og godt av henne. Ho hadde mellom anna vore i styret i Landslaget for norskundervisning, leiar i skriftstyret og sentral i utforminga av metodisk rettleiing for norsk i Mønsterplanen. Som forlagsredaktør i Det Norske Samlaget arbeidde ho med det vakre leseverket «Soria Moria» som ho seinare også var konsulent for. Barneskulelæraren og småborna stod hjarta hennar nær.

Lærarutdannaren Skjong utvikla ei brei vifte av faginnsett, frå spesialpedagogikk, samiske spørsmål, semiotikk, estetikk til språk-, tekst- og litteraturteori. Elevtekstar var tema for hovudoppgåva og det var denne forskinga som særmerkte henne. I dette nasjonale nybrottsarbeidet kopla ho lærarerfaring med eit alltid oppdatert innsyn i skriveforskning, med det klare målet å utvikle «språkleg faglegheit».

Det blei viktig å arbeide med språk i alle fag i skulen. Skjong utmerka seg som ein av initiativtakarane til «Prosjekt fleirfagleg» på høgskulen, eit tiårig fagsamarbeid om utvikling av språk og læring. Prosjektet vekte åtgang nasjonalt. Skjong sat i fleire nasjonale råd og nemnder for fag, språk og kultur.

Frå 2005 var Skjong med på å utvikle eit omfattande og viktig prosjekt om skriving i nynorsk for norsklærarstudentar. Ho diskuterte verdien av mappevurdering og tilbakemeldingar i norskunder-

visninga og forskingsresultata vart publiserte som akademiske artiklar gjennom Senter for nynorsk i opplæringa i 2008, 2009 og 2011. Ikkje minst viktig var boka *Norsk = Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen* som Skjong redigerte saman med Benthe Kolberg Jansson (Samlaget 2011). Også her stod språklæraren sentralt. Synnøve Skjong bidrog med fire grunnleggande kapittel kor ho diskuterte nynorsk i literacy og danningperspektiv. Toskriftskompetanse i alle fag blei synleg som eit demokratisk prinsipp i norsk skulehistorie.

I oversynet om nynorsk som opplæringspråk og undervisningspråk skin ikkje minst Skjongs erfaring som tidlegare departementstilsett gjennom. Her finn lesaren ein systematisk og kommentert gjennomgang av lover og planar for språk i skulen. Etter dette arbeidet vart Synnøve Skjong beden om å innleie på ulike seminar med norsk skulespråk som tema. Også i målrørsla, i Nettverket for nynorsk i lærarutdanningane, på sentrale konferansar og hos lokallag stilte ho opp som ein engasjert fagformidlar og arbeidet blei møtt med takksemd.

Skjong var ein kjær lærar og lærarutdannar, ein lærd ven, alltid viljug til å dele kunnskap og vere til hjelp. Ho var sprek og livskraftig, men kreften kom brått og ramma hardt. Likevel trudde vi vi kom til å ha henne lenge og få høyre om kunst, bøker, reiser, blomar, Stavanger og Ryfylke, dei heimlege tuftene hennar. I sorga går tankane til hennar nære familie.

Vibeke Bjarnø, Sigmund Ongstad og Inger Vederhus, OsloMet – storbyuniversitet

Den gode

Laurdag morgon 15. februar gjekk **Kjell Snerte** frå Hemsedal ut or tida, 87 år gammal.

■ Ein alvorleg kreftsjukdom let seg diverre ikkje lækja. Med Kjells bortgang har målrørsla mista ein av sine beste og klokkaste menn. Men ikkje berre målrørsla sørgjer over tapet, også norsk presse, forlagsverksemd og lokalhistorie er råka av dødsfallet.

Kjell Snerte vart vald til leiar i Noregs Mållag på landsmøtet i Tingvoll i 1977 etter hard valkamp mellom tre kandidatar. Det var sterke motsetnader i laget på den tida, og det var behov for ein samlande kandidat. Her høvde Kjell Snerte perfekt, mild, humørfyllt og streng på same tid, og alle fløyer kunne snøgt slå seg til tols med leiarvalet. Eg var sjølv dagleg leiar i Noregs Mållag i desse åra og ser tilbake på samarbeidet og samværet med Kjell med stor glede og takksemd. Han var så flink til å sjå essensen i sakene og kunne forma fornuftige og samlande vedtak, ofte på krølla papir som han hadde i lomma eller på ein serviett i ei skjenkestove. Det gode humøret hans var smittande og skapte alltid god stemning på styremøta, samtidig som vi lytta aktsamt når han kom med sine velgrunna synspunkt. I desse åra budde familien Snerte med to små born på Kråkberget i Bø i Vesterålen, der Kjell hadde skaffa seg eit gardsbruk som han dreiv og bygde opp. Det vart såleis lange reiser til alle møta i Oslo og mykje venting på flyplassar langs kysten Noregs langstrekke kyst. Vi skjønna difor godt at han sa frå seg leiarvervet på landsmøtet i 1979. Noregs Mållag hadde gode år på denne tida, med over 20 000 medlemmer på det meste. Mykje av kontakten oss imellom gjekk føre seg på telefonen. I slutten av januar 1978 kom det så bod om at Kjartan Fløgstad hadde vunne Nordisk Råds litteraturpris for den strålende romanen *Dalen Portland*, og no ville han gje heile pengepremien til Noregs Mållag og målarbeidet. Den telefonsamtalen Kjell og eg hadde då, burde ha vore teken opp på band. Vi var heilt i skyene.

Etter at leiarbolken var over, heldt Kjell fram med viktig arbeid for nynorsken og dia-



lektane lokalt i Hallingdal, og på landsmøta var han ein god mann å ha i redaksjonsnemnder og andre utval.

Men arbeidet for og med nynorsken går ikkje føre seg einast i organisasjonane. Kjells innsats i og for *Dag og Tid*, Det Norske Samlaget og med lokalhistoriske bøker og skrifter kan ikkje overvurderast. Han sat som redaktør for *Dølaminne*, ei lokalhistorisk bokrekke for kommunane i Hallingdal, i 11 år til saman. Han fekk Hemsedal kommunes kulturpris for denne innsatsen i 2019. Og åra hans som redaktør i *Dag og Tid* frå 1967 til 1975 var skilsetjande for den nystarta vekeavisa frå 1962, som sleit følt dei fyrste åra. Her var det opne spalter for friske ordskifte om mange emne. Då eg ein gong

hallingdølen

Kjell Snerte (1938–2025)

■ Kjell Snerte vart fødd i 1938 i Hemsedal. Han har vore både redaktør av *Dag og Tid*, bonde i Bø i Vesterålen, redaksjonssjef i Samlaget, leiar i Noregs Mållag, og bonde og frilansskribent i Hemsedal. For oss i Mållaget har han vore ein målmann heile livet.

Han vart aktiv i det som har blitt rekna som ei brytningstid i Noregs Mållag frå midten av 60-talet. Det var fleire unge som meinte at Mållaget måtte ny-orientere seg for å finne ny grunn for målreisinga. Etter framlegg frå Berge Furre sette styret ned ei nemnd som skulle utarbeide eit nytt program. Nemnda arbeidde i eitt år og var då framleis langt ifrå å lande teksten. Kjell Snerte, saman med Anders M. Andersen og Berge Furre, skreiv ferdig teksten til det som skulle bli boka *Målreising 1967*. Dette var det mest omfattande forsøket på å analysere nynorsken og målrørsla si stilling i samfunnet i samheng med allmenne sosiale prosessar. Det fekk mykje å seie for det vidare arbeidet.

I 1966, som 28-åring, kom Kjell Snerte etter kampvotering inn som varamedlem i mållagsstyret. Han gjekk ut av styret etter eitt år og vart redaktør i *Dag og Tid*. På landsmøtet på Tingvoll elleve år etter, i 1977, vart Kjell Snerte vald som formann i Noregs Mållag. Han sat i to år til han gjekk av i 1979.

Dette var ei særskild aktiv tid i Mållaget. Det høgste medlemstalet Mållaget har hatt, var i 1977. Både medlemsverving, lagsskiping, lagsarbeid og skulemål vart det arbeid både hardt og godt med. Alt hausten 1977 vart det gjennomført tre offensive skulemålsrøystingar i Nome, der nynorsken vann to av dei. Det var mange kampar som hadde vore kjempa innetter i Mållaget gjennom 60- og 70-talet, men i leiarperioden til Kjell Snerte spakna motsetningane i organisasjonen.

Etter at han og familien flytta heim att til Hemsedal i 1990, engasjerte han seg i lokalt målarbeid. I 2019 fekk han Målprisen av eige lokallag, Hemsedal Mållag. Dei la vekt på at i tillegg til dei nasjonale oppgåvene i *Dag og Tid*, Noregs Mållag og Samlaget hadde han vore særskild viktig for eit vitalt målarbeid i Hemsedal og Buskerud i 30 år.

Kjell Snerte var ein av desse målfolka som er aktive målmenneske heile livet. Han var med på å skrive det viktige programmet i 1967, men var også med og laga arbeidsprogrammet for Mållaget for 2011–2014.

I 2006 stod han i spissen for eit seminar der dei lanserte omgrepet «fjellnorsk», der målet var å berge det fjellnorske språket. Då vart det seminar for dialektane i Telemark, Numedal, Hallingdal, Valdres, Gudbrandsdal og øvre del av Østerdalen. Desse språka har mykje sams, og eit fellestrekk er at dei kan bli utrydda.

Som leiar i Buskerud Mållag starta han dialekt- og nynorsk-kampanjen Hått halling. Den hadde mange spennande tiltak retta imot barnehagar og skular i heile Hallingdal, mellom anna dialektleirar gjennom fleire år. Der inviterte han og dottera Tori til og var vertskap for dialektleir for unge ungdommar på Snertehaugen i Hemsedal, saman med alle dei lokale mållaga i Hallingdal.

Det er ikkje alle som har kledd seg naken for nynorsken. Kjell Snerte har gjort det! I ei avis sendt ut til heile Hallingdal, laga av Hått halling, med overskrifta: «Naken for nynorsken», kledde han og andre hallingdølar av seg for nynorsken. Då skreiv Kjell Snerte mellom anna: «Å vere opp-teken av å bevare nynorsk skriftspråk og halling-målet stengjer ikkje dører til verda utanfor: Det opnar dei.»

Vi takkar for alt det Kjell Snerte har gjort for målsaka og Mållaget gjennom eit langt liv. Takk for at vi fekk vere på laget ditt, det gjorde oss rikare.

**Peder Lofnes Hauge,
leiar i Noregs Mållag**



Foto: Steinar Bleken

hadde skrive eit innlegg om målsak i sterk øsing, angra eg på det og ringde til redaksjonen og ville dra bladstykket attende. Då treffe eg på Kjell i andre enden; «du vil ikkje trykja innlegget, seier du, det held eg med deg i», sa han. Der berga han meg frå å dumma meg ut. Kjell Snerte vart også utnemnd til heiderslagsmedlem i Det Norske Samlaget i 2020.

Då hadde han sete som hovudredaktør i generell avdeling frå 1984 til 1990, og i deltidstilling med base i Hemsedal fram til 2002 etter at han flytte heim att og overtok slektsgarden på Snertehaugen. Dette var gode år for Samlaget og nynorsk bokutgjeving. Særleg må vi nemna samarbeidet hans med den nordnorske humoristen Arthur Arntzen, som dermed vart

kjend i andre delar av landet også.

Vi er mange som i dag er takksame for alt arbeidet Kjell gjorde på mange viktige område, og vi er glade for at vi fekk vera i lag med han og oppleva så mykje artig og spennande saman. Takk også til kona Grethe og borna Tori og Embrik for at vi fekk låna han så ofte.

Kvil i fred, gode Kjell!

Olaf Almenningen

“ **Med Kjells bortgang har målrørsla mista ein av sine beste og klokaste menn. Men ikkje berre målrørsla sørgjer over tapet, også norsk presse, forlagsverksemd og lokalhistorie er råka av dødsfallet.** ”

Fosse-spelefilm får støtte frå Vestnorsk filmsenter


Vestnorsk filmsenter har i den siste finansieringsrunden sin gitt tilskot til 21 forskjellige filmprosjekt. Eit av dei er til ein spillefilm med manus av Jon Fosse.

Vestnorsk filmsenter gir no tilskot på totalt 7,2 millionar kroner, fordelt på 21 filmprosjekt, skriv senteret i ei pressemelding.

For første gong i den 30-årige historia til filmsenteret blir det gitt støtte til produksjon av spillefilm, med ei samla ramme på 3,5 millionar kroner.

Filmen *Bad Moon Rising*, er basert på Jon Fosses einaste originale filmmanus. Produsent Njål Lambrechts frå Truwest AS er samprodusent med Paradox Film AS, og regissør Erik Poppe skal føre Fosses manus til lerretet. Filmen får eit tilskot på ein million kroner, og blir spelt inn på Vestlandet.

NPK



Bokmåls- og nynorskordboka er blitt endå betre

Bokmålsordboka og Nynorskordboka har vore gjennom ein omfattande revisjon. 100.000 ord og uttrykk frå A til Å er gjennomgått.

– Tradisjonsrike Bokmålsordboka og Nynorskordboka har fått seg eit skikkeleg og etterlengta løft, seier Margunn Rauset, som har leidd redaksjonen på sju personar i Revisjonsprosjektet, i ei pressemelding.

Ordbøkene har no mellom anna fått nytt og oppdatert innhald og ei ny nettside på ordbøkene.no. Bokmålsordboka har vakse frå 65 000 til 100 000 oppslagsord og Nynorskordboka frå 90 000 til 100 000. Ordbøkene.no har i snitt 160 000 søk i døgnet, og blir brukte av skuleelevar, skribentar og alle som er opptekne av eit godt og levande norsk språk.

Revisjonsprosjektet er avslutta, men Universitetet i Bergen vil halde fram med å halde ordbøkene oppdaterte og aktuelle i tida som kjem.

NPK

Fleire skular kan sikre seg nye bøker

380 skular over heile landet får i dag bøker gjennom Kulturrådets skulebibliotekordning. No kan også nye skular søke og få bøker alt til våren.

– Allereie frå neste år vil langt fleire elevar få gode og oppdaterte boksamlingar på skulen sin. Det er store forskjellar i tilbudet barn og unge møter, ut frå kvar dei bur og kva familie dei kjem frå. Skulebiblioteka har ei viktig rolle i å jamne ut nokre av desse forskjellane, og bidra til lesekultur og leseglede, seier medlem av Kulturrådet og leiar for fagleg utval for litteratur, Sigbjørn Skåden, i ei pressemelding frå Kulturrådet.

Måtte seie nei

I dag er det 380 skular og 11 330 elevar over heile landet som får nye bøker gjennom ordninga. No blir det opna for søknader frå nye skular. Skulane kan søkje for perioden 2025 til og med 2026.

– Vi måtte seie nei til mange skular i førre søknadsrunde, og oppmodar desse til å søkje igjen no. Vi veit kor viktig det er med nær tilgang på bøker og at interesse for lesing startar i ein tidleg alder. Viss vi skal møte lesekrisa vi står i no, bør skulebiblioteksektoren rustast kraftig opp slik at alle skulebibliotek i landet har føresetnader for å vere med på ei ordning som dette, seier Skåden.

“ Det er store forskjellar i tilbudet barn og unge møter, ut frå kvar dei bur og kva familie dei kjem frå. Skulebiblioteka har ei viktig rolle i å jamne ut nokre av desse forskjellane.

Sigbjørn Skåden,
Kulturrådet



OPPRUSTING: Viss vi skal møte lesekrisa vi står i no, bør skulebiblioteksektoren rustast kraftig opp, meiner Kulturrådet.

Illustrasjonsfoto: Heidi Molstad Andresen / NPK

Nye titlar, nye bibliotek

Kulturrådets skulebibliotekordning har eit budsjett på 10,5 millionar kroner. I statsbudsjettet for 2025 er det foreslått 13,1 millionar kroner i friske pengar til ordninga. Av desse er 8,1 millionar foreslått over statsbudsjettet, medan 5 millionar er vigde spelemidlar. Midlane er ei oppfølging av leselyststrategien til regjeringa. Budsjettet blir behandla av Stortinget i desember.

Gjennom leselyststrategien ligg det også inne eit forslag i

statsbudsjettet om auka midlar til innkjøp av litteratur for barn og unge gjennom Kulturrådets innkjøpsordningar. I tillegg blir innkjøpte titlar for omsett litteratur for barn og unge med i skulebibliotekordninga frå og med 2025.

I vurdering av søknader blir det lagt vekt på organisering av skulebiblioteka og planar for litteraturformidling. I tillegg ser ein på geografi, sosioøkonomiske tilhøve og avstand til folkebiblioteket.

NPK



TEK DEL: Jon Fosse er sjølv involvert i tildelinga av Fosseprisen for omsetjarar og kven som skal halda føredraget. I år går dei til ein franskmann og ein tyskar.

Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB / NPK

Franskmann held det første Fosseforedraget

Den franske filosofen og katolske teologen **Jean-Luc Marion** skal halde det første Fosseforedraget. Det skjer på Slottet 24. april 2025.

KJELL ÅSMUND SUNDE
NPK

■ – Eg er veldig glad for å kunnngjere at vi saman med Jon Fosse sjølv har funne og fått ja frå ein foredragshaldar som skal halde det første foredraget. Han presenterer tenkinga om litteratur, mennesket og filosofien. Den første blir professor emeritus Jean-Luc Marion, sa nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre under eit arrangement i regi av Nasjonalbiblioteket.

Ukjend for dei fleste

Sira Myhre var klar på at Marion per i dag er relativt ukjend for dei fleste nordmenn, men at Fosseforedraget vil gi oss ei unik moglegheit til å bli kjende med tenkinga hans.

– Han er teolog. Han har jobba med Gud, sa Sira Myhre om profes-



Den franske filosofen og teologen Jean-Luc Marion er invitert til å halde det første Fosseforedraget. Foto Wikipedia

soren, til høglydt latter frå salen.

– På stavangersk så heiter det jobba med Gud, presiserte Sira Myhre og lo med.

Nasjonalbibliotekaren ønskjer i det lange løp at Fosseforedraget skal bli som ein institusjon å rekne.

– Med institusjon så meiner eg at dette skal bli noko som skjer kvart år og at det får ei betydning for det norske samfunnet. Når vi har planlagt det så har vi sett for oss noko liknande som Noregs Bank-fore-

draget og Noregs Bank-middagen – der ein ser på rikets tilstand frå ståstaden til økonomane i Noregs Bank. Vi er Nasjonalbiblioteket – vi er ein slags tvillingorganisasjon til Noregs Bank. Tanken er å skape ei hending ein gong i året der alle rettar blikket mot litteraturen og den litterære tenkinga, seier Sira Myhre til Nynorsk pressekontor.

Tyskar får omsetjarpris

På Nasjonalbiblioteket måndag blei det òg klart kven som blir den første vinnaren av Fosseprisen for omsetjarar. Prisen går til tyske Hinrich Schmidt-Henkel som blant anna har omsett bøker av Kjell Askildsen, Henrik Ibsen og ikkje minst Jon Fosse sjølv til tysk.

– Det prisvinnaren har gitt til norsk litteratur i utlandet står verkeleg i ei særstilling. Det tyske språkområdet har lenge vore det viktigaste området for norske forfattarar ute i verda. Det gjer at den eineståande omsetjar-gjeringa til Hinrich Schmidt-Henkel får verknader langt utover dei bøkene han har omsett. Samla sett har han omsett over 120 titlar frå norsk til tysk, sa Margit Walsø frå NORLA (Norwegian Literature Abroad) då ho kunnngjorde Fossepris-vinnaren.

Fosseprisen er no ein av dei største omsetjarprisane i verda, med ein verdi på 500.000 norske kroner.

Foredrag på Slottet

Det første Fosseforedraget med Jean-Luc Marion blir halde på Slottet i Oslo 24. april 2025. Der vil òg utdelinga av Fosseprisen finne stad same dag.

– Eg er veldig stolt og glad over å kunne kunnngjere at Slottet også er med oss på laget. Kronprinsesse Mette Marit har takka ja til å bli kongeleg beskyttar av foredraget og prisen, seier kulturminister Lubna Jaffery.


Overfor Nynorsk pressekontor fortel ho at ho korkje kjende til Hinrich Schmidt-Henkel eller Jean-Luc Marion frå før.

– Dette handlar om å ta vare på det som skjedde i fjor då Fosse fekk Nobels litteraturpris. Både foredraget og prisen vil bidra til å få løfta opp samtalen om litteratur. Eg kjenner ikkje til Marion frå før. Han tilhøyrer postmodernistane og det var veldig inn då eg var student, men han var ikkje ein av dei eg hadde på pensum. Eg gler meg stort til å høyre han snakke i april, seier Jaffery.

■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Forlagsfolka Sverre Tusvik og Ottar Grepstad gav i fjor haust ut ei bok om og av ein veteran i nynorsk-litteraturen. Kven dreier det seg om?
- 2 Kven var den første kvinna som fekk Nobels fredspris – i 1905?
- 3 Kva er det største landet i verda som ikkje har kystlinje?
- 4 Når blei Krim overført frå Den russiske republikken til Den ukrainske republikken i Sovjetunionen?
- 5 DeepSeek har vore i vinden, og ChatGPT blir mykje brukt, men kva heiter KI-modellen Elon Musk står bak og påstår er «den smartaste»?
- 6 Performancekunstnaren Kjartan Slettemark gjorde stor furore med mange av kunstverka sine. Kvar var han fødd?
- 7 *Brudeferden i Hardanger* er måla av Adolph Tidemand og Hans Gude, men kven måla folka, og kven måla landskapet?
- 8 Kor mange meter er det i ei nautisk mil?
- 9 ... og kor mange kabelengder er det i ei nautisk mil?
- 10 Kva heitte statsleiaren som blei styrta i den kubanske revolusjonen i 1959?
- 11 Kva finsk politiker tapte valet i 2023 etter ein periode som den yngste statsministeren i verda?
- 12 Kvar finn du partikkelakselleratoren som blir driven under namnet Large Hadron Collider?
- 13 Kva heiter den eldste norske avisa som framleis blir gitt ut – og i kva by finn du henne?
- 14 Kor mange artar av laks lever naturleg i Noreg?
- 15 Kva lakseart som opphavleg høyrer heime i Stillehavet, er i ferd med å invadere norske lakselvar?
- 16 Mange norske stadnamn har etterstavinga -ang/-anger – kva tyder det?
- 17 Kven var frontfigur i bandet The Velvet Underground?
- 18 Kva filosof grunnla filosofilærestaden Akademiet i Athen?
- 19 I kva by finn vi verdas eldste universitet som framleis er i drift?

- SVAR
 1 Einar Økland (Økland, Øklands livsverk i samling)
 2 Bertha von Suttner
 3 Kasakhstan
 4 1954
 5 Grok (Grok 3 blei nyleg lansert)
 6 Nausicaä (det meste av kunstnarlivet levde han i Sverige)
 7 Tidemand måla folka, Gude måla land-skapet.
 8 1852 meter
 9 ti
 10 Fulgencio Batista
 11 Sanna Marin
 12 ved den fransk-sveitsiske grensa nær Genève
 13 *Adresseavisen i Trondheim*
 14 ein – atlantterhavslaks
 15 pukkellaks
 16 fjord eller vik
 17 Lou Reed
 18 Platon
 19 Bologna



KI-GENERERT SJØLVIRONI: ChatGPT prøver å vere humoristisk på eigne vegner ved å illustrere generering av nynorsktekst med feil.

Illustrasjon: Dall-E / ChatGPT

- ChatGPT dårlegare i nynorsk enn bokmål

Språkrådet har testa kor god ChatGPT er i bokmål og nynorsk. Konklusjonen er klar: Hovudfunnet var at ChatGPT skreiv klart betre bokmål enn nynorsk.

■ På bokmål var det 2,6 feil per side, på nynorsk heile 8 feil per side, skriv Språkrådet på nettsida si. Og ikkje nok med det: Medan bokmålsfeila gjerne var teiknsetjing eller feil bruk av stor og liten forbokstav, dreidde det seg for nynorsk om feil bøyingsformer og bruk av bokmålsord.

Men éin ting hadde dei robot-omsette nynorsktekstane og bokmålstekstane til felles: Engelske formuleringar skin gjennom.

– KI-norsken er såpass prega av engelsk at han ofte kan verke framand eller pussig, konstaterer Språkrådet og deler eit par døme: «Han tok et øyeblikk før han svarte» og «han hadde ikkje møtt Mari i person enno».

Språkrådet bad i testen ChatGPTs versjon 4.0 om å skrive samandrag av romanar og offentlege utgreiingar så vel som heile forteljingar.

Instruksane var på engelsk

for ikkje å påverke det norske språket i svara, ifølgje artikkelen «KI-språkets fallgruver» på nettsida til rådet.

Det resulterte i 157 sider à 320 ord, halvparten på bokmål, halvparten på nynorsk. Dei vart gjennomgått av fire tilsette med erfaring frå språkvask og korrektur.

Testen, utført i oktober i fjor, viste at roboten framleis treng «ein svært kritisk» medforfattar eller redaktør. For å følgje med på utviklinga ønskjer Språkrådet å gjenta undersøkinga også i 2025.

NPK

Språkrådet vil gi ChatGPT «instruksar»

Språkrådet foreslår det norske ordet «instruks» som erstatning for den engelske termen «prompt», som blir brukt når ein snakkar om kunstig intelligens.

■ Termen «prompt» blir brukt om teksten ein skriv til ein tekstrobot, som ChatGPT, for å få han til å generere tekst eller bilete.

Termen har vorte vanleg å bruke også på norsk, og det

kan hende han kjem til å bli verande i det norske språket som eit lånord, skriv Språkrådet på nettsidene sine.

Verbet «å prompte» er også mykje i bruk. Likevel meiner dei at vi bør finne eit eige ord på norsk.

– «Prompt» kan vere vanskeleg å forstå intuitivt første gongen ein møter ordet, og sidan kunstig intelligens er eit viktig tema i allmenta, er det særleg viktig at vi kan snakke om det med ord som er lette å forstå, skriv dei.

Rådet meiner det finst gode norske alternativ for termen. Dei har fått inn fleire forslag som «instruks», «instruksjon», «bestilling», «førespurnad», «kommando» og «leietekst».

– Når bruken av termar varierer, er det eit godt prinsipp å sjå til kva som blir brukt eller foreslått av viktige fagmiljø. Derfor er også tilrådinga vår å bruke «instruks» som norsk avløyser til «prompt», skriv rådet.

NPK

ORD-TAK	TEFTEN	LOV-TOLKAR	LOV-NADEN	HØVDE	VERKTØY	FASE	VIKTIG	IT. BY	SNEV	BAKKEBRUN	PAUSE	SONG	VOGNER	KLAGE	KOMM.	LIKE
					KNUSTE					DRIVE	STAV-KYRKJE					
INN-SPEL																
SPØRS-MÅL						TUR FOSSE-BYGD										EKKO
										SLAG-VÅPENAFUGL						
DYKTIG				BOM								BOKA		KONJ. EMIL SI SYSTER		
HIST. STAD				SÅR-MERKA												
SPADE				SKAFT					RULLEN		ENKEL					
					LIKE "RUST-AR"			FESTIVAL-BYGD								PÅBOD
MUSE			I VEVEN							IDR. ARR. NATUR. FENOMEN PRON.			MATEM. OM-GREP			
NABOAR			HUS													
BIL-MERKE		BREND						PRON. BIBEL-FORF.							GRUS	
JERN		OMRÅDE													LIKE	
					FAKTISK					LITEN						
										LIKE						
KORTA				SVENSK AS			BYFJELL							ORDA		
							GRØN							FUGLEN		
FISK				STENGLAR												
REL. PRON.				LIKE						MANN						AGG
										DANSK MANN						
DIKTAR					MATTA				INSEKT	NABOAR			KØYE			
					MANN					PLOG			LIKE			
		MANN														
		BYTE OM					BEDDING						MORENE NANSEN-OMRÅDE			ORK
HODVYR				TIDL. NM-LEIAR						NAVARSKJER						
						MØLLA		EKSI-STERER								
						TOPP-MARK-ØRRAR										
I DAG			BUPLASS													
VERKTØYDEL			LYN-ÅTAK											SOLGUD		BIBELSK PERSON
														SVERTE		
PLANTE										BRIMI						LIKE
NAB.										HUSDYR						
								VESAAS-ROMAN PREP.								
						TAL OG BOK-STAV	FUKTA SKIPS-DEKKET									
										PREST					VASSE	
TRE GONGER OL-BY	NABOAR (BAKV.)															

løysing • Nr. 5 – 2024

ØST	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø	Ø
V	E	N	S	T	R	E	H	A	N	D	S	A	R	B	E	I	D
N	Y	N	O	R	S	K	O	R	D	S	O	K	A	G	L	L	A
A	R	K	I	P	E	L	E	T	R	A	F	S	E	E	F	E	F
B	A	K	S	L	A	R	V	I	T	V	R	I					
L	P	R	O	P	E	U	N	D	R	E	G	E	N				
T	I	A	R	R	A	V	E	L	R	A	R	T	F	E	N		
E	N	N	O	N	R	K	L	O	A	R	U	T	A	H			
O	D	D	A	R	K	V	A	L	L	G	K	R	A	S	J		
S	E	R	I	E	E	G	A	L	L	K	L	A	S	K	E		
O	E	N	D	E	L	E	G	E	L	I	T	N	E				
M	A	N	G	E	D	R	A	S	E	N	T	R	A	L			
P	E	R	E	L	G	E	T	S	E	K	Ø	K	B				
J	R	A	K	R	S	E	N	K	L	E	K	A	R				
L	B	O	K	L	A	U	S	Ø	R	S	O	S	E				
B	I	S	K	F	R	I	H	O	L	L	E	V	I	K			
A	S	T	T	I	K	V	O	T	E	L	L	E	A	K			
S	K	E	F	A	S	T	A	R	N	D	E	N	E				
S	E	N	E	K	V	E	G	E	T	U	T	N	E				

Vinnarar av kryssord nr. 5, 2024:

- 1. Sigrid Gunnarskog, Laksevåg
- 2. Trond Thorsen, Ål
- 3. Kari Tveit, Bø i Telemark

Send løysinga til:

Noregs Mållag
Dronningens gate 22
0154 Oslo

eller e-post:
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

Frist: 26. mai

Merk sendinga «Kryssord».

Rett løysing kjem i neste utgåve.
Tre vinnarar vert trekte ut og får
ein fin premie.

Namn : _____

Adresse: _____

Postnummer/-stad: _____



«Jeg kan peke på minst førtifire kvalitetstrekk ved novellesamlingen (44) av Erlend Kaasa»

JOAKIM TJØSTHEIM, DAGBLADET

«Novellene heng igjen i meg som substansielle, litterære stemningar, og som uttrykk for vesentlege livsinnstillingar.»

INGVILD BRÆIN, DAG OG TID

Erlend
Kaasa

(44)

Noveller



«Vi trenger slike personlige, under-huden-vitnemål om naturtap og klima»

DAG O. HESSEN



«Levende og personlig ... Det året eg vakna skjerper leserens blikk for hvordan klimakrisen sniker seg inn i hverdagen og endrer livene våre»

MARIUS WULFSBERG, DAGBLADET

Gerald Murnane
Slettene

Omsett av Jon Fosse

«Å møte ei litterær regyl som verkeleg snakkar til deg, er sjelden. Det er som ein ny sonnet. Det hender ikkje så ofte.»
Jon Fosse



Omsett av
Jon Fosse!



«... en flytende, nesten drømmeaktig tekst som på sitt beste utfordrer grensene for konvensjonell litteratur.»

SINDRE HOVDENAKK, VG

«Nobelprisaktuell forfatter i en nobelprisvinners fine oversettelse.»

VIGDIS MOE SKARSTEIN,
ADRESSEAVISEN



Samlaget.no

Samlaget

Hugs å tenke på Aasen, Aasland!

NORSK MÅLUNGDOM HELSAR Sigrun Gjerløw Aasland velkommen som ny forskings- og høgare utdanningsminister, og inviterer til felles innsats for god språkpolitikk i dette svært viktige samfunnsområdet.

UNIVERSITET OG HØGSKULAR tar imot studenter frå heile landet, og dei har derfor eit viktig språkleg ansvar. Sidan 2022 har vi hatt ei eiga språklov, som seier at statlege universitetet og høgskular skal publisere minst 25 % av informasjonen sin på kvart av dei to skriftspråka. Dette er for å ta vare på og sikre norsk – all norsk – i det viktige domenet høgare utdanning er. Til no har dei aller fleste av desse enno ikkje klart å nå dette målet. Språklova er ei lov, men ingen sanksjonar har vorte innført mot dei institusjonane som bryt denne lova. Vi håpar at Aasland kan bidra til at det blir utforma eit system rundt dette, slik at vi får sjå institusjonane slutte å bryte lova.

SOM MINISTER FOR forskning og høgare utdanning er det svært viktig at Aasland ser det norske språkmangfaldet for det det er – ein enorm ressurs, og ikkje eit hinder. All forskning viser at fleirspråklegheit gir kognitive fordelar, og det å vere god i både nynorsk og bokmål gir mange av dei same fordelane som det å kunne språk som er meir ulike kvarandre. Forsking viser også at dei som er gode i begge dei to norske skriftspråka, generelt skriv betre bokmål enn dei som berre kan bokmål. Om Aasland får utretta god språkpolitikk i sektoren ho har vorte minister for no, vil det vere eit stort løft for kunnskap i Noreg. Vi i Norsk Målungdom ønskjer ho lukke til med det!

Johannes Rønning,
sentralstyremedlem i NMU



NY MINISTER, SAME KRAV: Norsk Målungdom ønskjer seg meir nynorsk frå den nye ministeren for forskning og høgare utdanning. Foto: Regjeringa.no

“ **Det er svært viktig at Aasland ser det norske språkmangfaldet for det det er – ein enorm ressurs, og ikkje eit hinder.** ”



VINTERLEIREN: Norsk Målungdom var frå 24. til 26. januar samla til vinterleir i Dovre. Der vart dei mellom anna vitja av Manon Davies som snakka om språkpolitikken i Wales.

■ leiarspalta



SEBASTIAN VINSENT NATVIK
Leiar i Norsk Målungdom

Når læraren ikkje kan norsk

■ Er du fødd og oppvaksen på det sentrale Austlandet, er sjansen stor for at skulen er den einaste plassen der du faktisk kjem til å møte nynorsk i oppveksten. Born er kjende for å til-eigne seg språk som svampar, men det hjelper lite å vere svamp i ein ørken. Læraren er det viktigaste leddet i eleven sitt møte med nynorsken og er med på å forme kunnskapsnivået og heile kjensla til sidemålet. I 2023 kom Språkrådet med ein rapport om norsk, særleg nynorsk, i lærarutdanningane. Rapporten syner til at ved fleire studieprogram får lærarstudentane aldri vurdert nynorskkompetansen sin.

■ Norsk lærarar skal kunne gje opplæring i og på nynorsk både for elevar med nynorsk som hovudmål og for elevar med nynorsk som sidemål. Lærarar i andre fag enn norsk skal kunne gje opplæring på nynorsk ved skular som har nynorsk som hovudmål. Det er ingen løyndom at fagleg kompetanse speglar opplæringa elevane får. Fagleg kompetanse avgjer spesielt haldningar, og god opplæring er ein føresetnad for gode haldningar. Framtidas lærarar startar med dagens elevar, og dagens elevar har liten føresetnad for å verte stø pedagogar på sidemål.

■ Norsk vert brukt i alle fag, i dag er ikkje norsk obligatorisk for dei lærarane som skal undervise på årstrinn 5-10. Styresmaktene må konkretisere kven som skal ha ansvaret for å sikre både den didaktiske og den språklege nynorskkompetansen til alle lærarstudentar, slik det kjem av språkbyterapporten, og rapporten om norsk i lærarutdanningane frå Språkrådet. I rammeplanen for grunnskulelærarutdanninga for trinn 5-10 står det at studentane skal beherske nynorsk og skal kunne bruke språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng. I likskap med fleire punkt i Språklova vert det som står i rammeplanene redusert til setningar som berre er til pynt.

■ 1 av 3 kommunar har nynorskelevar i grunnskulen. Framtida til nynorsken er lærarar som går ut av utdanninga med gode haldningar til nynorsk.

Meisterspelemann, professor og bokaktuelle **Vidar Lande** frå Bygland, hadde før jul boklansering på Syrtveit gard, i Setesdalen i Evje og Hornnes kommune

Reddar musikkskattar frå gløymsla

KARI STULIEN

■ Det var fullt hus og god stemning i konsertsalen på Syrtveit gard på Evje då Vidar fortalde om gjennomføringa, kva boka dreier seg om og korleis ho har blitt utarbeida. Han har forska systematisk og samla stoff frå ulike kjelder i over 50 år. Vidar fortalde om dette livsverket til stor interesse og begeistring for dei frammøtte.

Kvelden starta med folkemusikkinnslag av borna som bur på garden: Harald (20), Kari (19, underteikna) og Endre (14) Stulien Robstad, som dansa setesdalsgangar til yngstemann, Endre, som spela på hardingfele og munnharpe. Endre og Vidar framførte også eit par slåttar frå materialet som no er dokumentert i denne nye boka.

Vidar lærer Endre opp i den lokale speletradisjonen, slåttane, som det hastar å lære bort.

Dokumenterer folkemusikktradisjonen

Vidar Lande, ein svært erfaren folkemusikar frå Setesdal, har skrive boka *Mellom aust og vest, folkemusikk i Evje og Hornnes kommune*. Boka tek for seg den rike, men lite kjende folkemusikktradisjonen i Evje og Hornnes, og er resultatet av fem år med grundige undersøkingar. Lande har samla informasjon frå både kjende og ukjende kjelder for å dokumentere musikken, musikarane og deira plass i den lokale kulturen.

Evje og Hornnes kommune har tidlegare vore oversett og til dels gløymd i den nasjonale



■ bokomtale

Vidar Lande:

*Mellom aust og vest
Folkemusikk i Evje og Hornnes*

Evje og Hornnes Sogelag, 2024

folkemusikkhistoria, og mange av musikarane frå tidlegare tider har ikkje fått den merksemda dei fortener, meiner Lande.

Han rettar opp i dette ved å løfte fram både kjende og meir ukjende musikarar gjennom tidene, og skildrar korleis musikken har vore ein integrert del av lokalsamfunnet i Setesdal gjennom generasjonar. Gjennom gamle noteoppskrifter frå arkiv, egne lydopptak, bilete og intervju, gir han ei rikholdig framstilling av tradisjonane, heilt tilbake frå dei fyrste namngjevne spelemennene i nedre Setesdal, så som ivelendingen Asbjørn Solberg (1732–1802), evjedølen Klemet Gunnarson Gautestad (1746–1830) og eidsvollsmannen frå Grendi, Eivind Torkjelson Aasen Lande (1758–1833).

Vidar Lande

- Fødd 1949
- Spelemann frå Bygland i Setesdal som har ein omfattande karriere som konsertspelemann i Noreg og Amerika frå 1970-talet og oppover bak seg.
- Doktorgrad i filosofi ved University of Ottawa, USA
- Lærer ved vidaregåande skular. Deretter som ex.phil.-lærer v/Universitetet i Oslo
- Var med og starte opp masterstudiet i tradisjonskunst på Rauland, Høgskulen i Telemark
- Har rekonstruert spel frå Setesdal og indre Agder i tillegg til Telemark
- Vann Spelemannsprisen med CD-en «Sordølen» i 2004 saman med Gunhild Tømmerås og var Noregs representant i UNESCO i 1996 med CD- utgjevinga Fiddle tunes from Agder

Presentert med kunnskap og kjærleik

Lande sin eigen bakgrunn som musikar og formidlar har vore ei viktig drivkraft i arbeidet. I tidleg ungdom lærte han feleslåttar frå nedre Setesdal av slektningar som Gunnar Aa. Lande (1897–1988) og Tor O. Sandnes (1901–2003). Seinare lærte han felemusikk av dei andre fremste felespelarane i Setesdal og i Indre Agder.

Med djup innsikt og lidenskap har han samla og presentert materialet på ein måte som kombinerer fagleg soliditet med lokal kjærleik til speletradisjonen og omtalar denne nesten

LÆRLING: Den unge spelemannen Endre Stulien Robstad, 14 år, går i lære hos meisterspelemann Vidar Lande, 75 år. Vidar lærer Endre dei bortgløymde slåttane frå Evje og Hornnes. Her er dei i samspel under boklanseringa på Syrtveit gard rett før jul.

bortgløymde musikkskatten frå Evje og Hornnes i boka si.

Boka *Mellom aust og vest* er meir enn ei samling slåttar. Det er eit kulturhistorisk arbeid som synleggjer den unike folkemusikkarven i Indre Agder med spesielt fokus på Evje og Hornnes. Boka gjev innsikt i korleis musikken har kome til, påverka og forma lokalsamfunnet, og korleis han har blitt ført vidare. Vidar Lande sitt arbeid bidreg til å sikre at denne delen av musikkhistoria til Setesdal ikkje går tapt, og gir lesaren ei breiare forståing av verdien og mangfaldet i den lokale folkemusikken.



TIL VENSTRE: Familien Robstad har bygd opp eit kultursenter på Syrtveit gard med formidling av kulturarv, musikk og tradisjon. Frå venstre: Harald Stulien Robstad, mor Inger Lise Stulien, Kari Stulien Robstad og Endre Stulien Robstad.



BLOMEHELING: Vidar Lande fekk helsing frå frå Hardanger Fiddle Association of America med gratulasjonar og takk for at han hjelper med å bevare desse tradisjonane og fører musikken og dansen vidare til nye generasjonar.

Om boka

- Boka vender seg til menneske med forskjellige interesser. I bilde og tekst fortel ho om personar frå Evje-Hornnes-området med tilknytning til folkeleg felemusikk, og set dei inn i ein samanheng med kulturstraumar på Indre Agder.
- Det blir også peika på korleis det karakteristiske breie kulturbildet i nedre Setesdal, bygger på føresetnader frå 1700- og 1800-talet, og leiar fram til representativ, lokal samtidsmusikk.
- Viktige underliggende idear som har styrt den historiske utviklinga, er henta frå rasjonalisme og romantikk – ikkje minst innan haugianisme, vekkingskristendom, den frilynde ungdomslagsrørsla og framveksande nasjonalisme.

Tusen takk! Mellom 8. november 2024 og 14. februar 2025 fekk Noregs Mållag 546 294 kroner i gåve. Me er særst glade for å ha motteke to rekordstore gåver på 100 000 kr og 30 000 kr frå to medlemmer. Pengane kjem godt med!

Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, og merk at me har fått nytt kontonummer i nynorskbank: 3480.17.82851. Du kan også vipse eit valfritt beløp (på nynorsk!) til 90540. **Takk!**

**MÅLGÅVE
MED VIPPS:
90540**

Sverre Bjåstad og Arvid
Nedrebø: 1000kr for
Vebjørn Bakken til
minne

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Toralf Andersen
Hallvard Tveit Berg
Liv Breivegen
Jon Olav Gryting
Aud Åsen Haugsgjerd
Sigurd Haugsgjerd
Anne Elisabeth Havstad
Olav Hoftuft
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Karl Kråkedal
Ragnar Kaasa
Hans-Olav Lauvstad
Ingebjørg Lauvstad
Jon Kolbjørn Lindset
Nils Markset
Signe Alise Olstad
Sigrid Bjørg Ramse
Svein Olav Ramse
Kari Gerd Riisland
Tone Å. Rysstad
Rønnaug Torvik
Arne Tronsen
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre
Sissel Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Brynjulv Aartun
Syver Berge
Johan Birger Berget
Anders Bjørge
Else Petra Borkhus
Hans Einar Bratberg
Jon Steinar Bredeveien
Ivar Bungum
Knut Bø
Alv Reidar Dale
Trond Dalsegg
Tor Johannes Einbu
Ingvild Marie Eknes
Thor Ola Engen
Harald Ove Foss
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Randi Therese Garmo
Kjell Gulbrandsen
Knut Haga
Olav Haraldseid
Trond Harkjerr
Asle Heggheim
Gaute Elvesæter Helland
Solfrid Hoff
Odd Reidar Hole
Bjarte Hole
Ola Holen
Gunn Strømsøyen Hvamstad
Olav Jensveen
Helen Johannessen
Dag Johansen
Helene Strand Johansen
Ola Jonsmoen
Kristin Kirkestuen
Arnfinn Kjelland
Håvard Kleiven

Kirsten Knudsen
Inger Margrethe Kyllingstad
Anders Jan Larsson
Nils Kristian Lie
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Øystein Losnegard
Anne Midtbø
Asbjørn Myrvang
Sigurd Nestande
Øyvind Nordli
Jøgrim Nordstletten
Odd Arne Nustad
Jørgen Nørstegard
Oddvar Romundset
Jørn Rødølen
Kari Røssum
Jakup Skjedsvoll
Jorunn Skrinde
Arne Skuterud
Liv Solheim
Rasmus Stauri
Rønnaug Håve Sæhlie
Sverre Sørbø
Reidun Ramse Sørensen
Gudmund Teigen
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset
Karin Arnesen
Oliv Bakkeplass
Niri Baklid
Hallgrim Berg
Maria Høgetveit Berg
Herbjørn Brennhovd
Per Drabløs
Karen-Margrethe
Erlandsrud
Hege Elisabeth Falck-
Andersen
Hans-Ove Grostølen
Ole Grov
Asbjørn J. Grøthe
Einar Hanserud
Syver Hjelmen
Kjell Magne Hornet
Ola Hustad
Bjørn Kari Brattåker
Håheim
Lars Erik Jacobsen
Karsten Johannsen
Frode Kinserdal
Kari Maastad
Ingunn Asperheim
Nestegard
Odd Oleivsgard
Arne Ommedal
Gro Randen
Sissel Berit Roum
Ola Ruud
Kirsten Skarlund
Kjell Snerte
Sigrun Torsteinsrud

FYLKESMÅLLAGET VIKVERINGEN

Ingrid Aabø
Bergfinn Aabø
Solveig Fiskvik Aamodt
Reidar Aasgaard
Olaf Almennigen

Ruth Amdahl
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Leidulv K. Bergwitz
Per Bjørklid
Erlend Bleie
Dag Aga Blokhus
Reidar Borgstrøm
Harald Brandal
Jorunn Brubakk
Ola E. Bø
Tormod Bønes
Kari de la Cour
Hans Olav Eggestad
Tove Karina Eidhammer
Jørn Enstad
Kirsten Osmo Eriksen
Brit Ragnhild Øydnå Fisknes
Ingar Daffinrud Fjeld
Jon Fosse
Kim S. Fureli
Tor Gabrielsen
Kåre Glette
Oddrun Grønvik
Gunnvald Grønvik
Per Gunnar Gulstuen
Eirin Hagen
Karl S. Halse
Øystein Havrevoll
Ola M. Heide
Mildrid Helland
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Kjell Peder Hoff
Halldor Hoftun
Erling Hokstad
Kjetil Torggrim Homme
Karin Strand Hovbrender
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Kolbjørn Høgåsen
Ingeborg Hauge Høyland
Britt K. Haavik Ikdahl
Erling Indreeide
Øystein Jetne
Laurits Killingbergtrø
Turid Louise Quamme
Kittilsen
Bård Kolltveit
Dagrun Kvammen
Gunhild Kvålsgard
Gina Kyvik
Torhild Leira
Tor Einar Ljønes
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Ket Iren Lødemel
Eldrid Midttun
Norvald Mo
Solveig Mohr
May Johanne Molund
Per Helge Mork
Arnold Mundal
Finn Måge
Johan Nedregård
Øystein Njål Nordang
Åse-Sigrunn Nyland
Torgeir Ose
Sylvia Penne
Anne Perstølen
Alain Egil Adrian Ramdal
Magnhild Reisæter
Yngve Rekdal
Helga Riise

Jan-Magne Rinde
Asbjørn Roaldset
Gunnar Rusten
Asbjørg Engebø Rystad
Turid Rønning
Olav R. Skage
Åsmund Skard
Torild Skard
Gunnvor Fykse Skirbekk
Synnøve Skjong
Arve Skutlaberg
Sigrid Skålnes
Einar Strømnes
Jarle Strømmodden
Oddmund Svarteberg
Anne Joronn Sætre
Jostein Sønnesyn
Liv Ruud Thorstensen
Halvor Tjønn
Asbjørn Tolsrød
Øystein Tormodsgard
Arne Torp
Audun Orten Trovåg
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Odd Henning Unhjem
Ivar Vasaasen
Werner Vesterås
Lars Sigurdson Vikør
Kjetil Vistad
Per Ivar Vaagland
Roald Waktiskjold
Håkon Ørjasæter
Kristen Øyen
Trygve Åslund

HORDALAND MÅLLAG

Kristine Nyemark Aasen
Livar Aksnes
Audhild Aldal
Solveig Almås
Torgeir Alvsåker
Svein Schrøder Amundsen
Dag Amundsen
Eldbjørg Ekeberg Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Anne Arneberg
Leidolv Berge
Arlid Berge
Marit Berge
Maria Severine Øvstebø
Berge
Veslemøy Bergo
Kristen Bergsvik
Eli Bergsvik
Ansgar Bjelland
Solveig Bjørsvik
Kolbjørn Blikås
Oddbjørn Borge
Kari Borge
Trond Botnen
Arne Brattabø
Tor Brattebø
Mona Steiner Brekkan
Reidar Bremerthun
Endre Otto Brunstad
Jostein Bønes
Vigdis Digernes Dahl
Arve Dale
Kristian Djuvland
Inge Draugsvoll
Jenny Dugstad
Torbjørn Dyrvik
Jan-Egil Dyvik
Randi Engelsen Eide
Bjørnolv Johan Eik

Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Embjellen
Yngve Endal
Sissel Rønnekleiv Eriksen
Øystein Erstad
Jenny Fagerheim
Jarle Fanebust
Rune Fjeld
Sverre Fjell
Erling Fjærestad
Silje-Margrete Fjærtøft
Tormod Folgerø
Harald Forland
Audhild Fosse
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Grethe Lie Gammelsæter
Jostein Gimmestad
Hans Gjerde
Anne Sofie Gjerland
Helge Gjernes
Oddny Gjeråker
Paul Kåre Gjuvland
Lars Gjøstein
Anne Gramstad
Solveig Grønlien
Kjetil Grønås
Anders Hallanger
Tobias Børve Hamre
Johnny Handeland
Kirsti Handeland
Oddlaug S. Hansen
Lars Ove Olafsson Harnes
Einar Hauge
Kåre Johan Hauge
Stanley Hauge
Oddbjørn Haugen
Eldfrid Haukenes
Torbjørn Haukås
Bjarte Helle
Halldor O. Helleland
Arnfinn Hellevang
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Linn Hjartnes Henjum
Jan Kåre Henriksbø
Kåre Herfindal
Kjartan Hernes
Atle Hevrøy
Inger Marie Himle
Marit Hjartåker
Åse Hjelle
Eivind Hjelle
Anne Margrete Hjerdal
Johan Hjortås
Kåre J. Hole
Grete Oline Hole
Karl Johan Holmås
Arnfinn Hopland
Helge Hopland
Nils Hovdenak
Irene Hunskår
Oddmund Hus
Daniel Hydle
Martha Hægstad
Nils Inge Haaland
Geir Instanes
Johanne Telnes Instanes
Reidar Instanes
Ole-Jørgen Johannessen
Leif Johnsen
Tordis Johnsen
Åse Marit Kalhovd
Ingunn Johanne Karlsen
Inger Lise Kippersund
Geir Kleiveland

Agnar Kleppe
Ståle Kolbeinson
Magne Kvæven
Ane Landøy
Torfinn Langelid
Inger Lise Breivik Larsen
Caroline Lehmann
Terje Lie
Torggrim Ljønes
Arve Lothe
Torun Lyssand
Torstein Lønning
Ove Leon Låstad
Frode Mannsåker
Margunn Ryldand
Melkeren
Magne Mestad
Tone Eitrheim Midtbø
Leif Bjørn Monsen
Marie Morken
Lillian Morvik
Lars Mossefinn
Jostein Mykletun
Einar Myster
Nils Mæhle
Eldbjørg Møllerup
Oddvar Natvik
Marit Nedreli
Åshild Ness
Arne Olav Nilssen
Egil Nysæter
Gunnvor Eggebo Næss
Odd Jøran Oldervik
Astrid Olsen
Sigrid Bleie Omland
Agnar Omvik
Åse Opheim
Aud Oppedal
Anfinn Otterå
Olai Otterå
Kjell Paulsen
Johnny Ottar Pedersen
Arild Reigstad
Berit Reinsaas
Lars Riise
Kari Nitter Melheim Rinde
Gudrun Rosseland
Margreta Rønning
Liv Bjørnebøle Saghaug
Inger Marie Saltnes
Jørund Vatle Sandgren
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Gunnar Andreas Schei
Heidi Seilfaldet
Mons Ole Dyvik Sellevold
Bjarne Skarestad
Olav Johannes Skeie
Gunnvald Skeiseid
Arne Skjerven
Ottar Skjervheim
Harald Skorpen
Knut E. Skåla
Kaare Skaala
Kari Smith
Harry Solberg
Turid Solberg
Odd Reidar Solem
Ragnhild Edith Solvang
Idar Stegane
Gunnhild Steinsland
Arjen I. H. Stolk
Gerhard Inge Storebø
Hellbjørg Lovise Fet Strømme
Thea Sunde
Rolf Sigmund Sunde

Eg gjev mål- gåve, så sant eg kjem på det.

Jon Fosse

Liv Sundheim
Målfrid Sundvor
John Svahn
Åshild Sveinsgjerd
Kurt Svensson
Leiv Sæbø
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Knut Sæten
Rolf Sæterdal
Rolf Søderstrøm
Olav Søfteland
Olav Sønnesyn
Arvid Tangerås
Leif Taule
Øyvind Teigen
Britt Jorunn Tjore
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Hans Tveit
Oddbjørg Ulveseth
Sjur Uppheim
Brit Valland
Rigmor Nesheim Vaular
Randi Vengen
Leiv Vetås
Jon O. Veвле
Aud Liv Hole Vike
Inger B. Vikøren
Ingebjørg Viste
Ivar Vaage
Agnes Råket Vågslid
Bjørn Otto Wallevik
Hanne Yndestad
Jon Ystanes
Nils Ivar Østerbø
Helga Nygaard Øverland
Marit Åkre

KARMSUND MÅLLAG

Steinar Aalvik
Torunn Alnes
Anne-Gunn Bjørnevik
Asbjørn Djuv
Elise Dørheim
Asbjørn Eik-Nes
Einar Eintveit
Dorthea Sofie Erøy
Grete Fedøy
Tone Randi Frette
Trygve Handeland
Berit Vik Helgesen
Sivert Ole Holten
Torill Borge Horneland
Margot Ivesdal
Olav Torfinn Jondahl
Svend Kjetland
Tone Kringeland
Solveig Lunde
Signe Lønning
Bjørn Reidar Løvland
Agnar Ståle Naustdal
Johannes Ness
Lars Gunnar Oma
Helga Reinertsen
Trygve Sandvik
Knut Selsaas
Tor Sigurd Selvåg
Njål Steinsland
Ernst Arne Sælevik
Kari Sørensen
Knut Tungesvik
Svein Vea
Marit Wikstrøm

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Anna Brandal
Arne Buene
Kåre Fuglseth
Jan Hana
Tore Moen
Ståle Paulsen
Johannes Tveita
Arne Harald Tøsse

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Jorid Aarvåg
Oddveig Olava Marie Øren
Aldal
Magnar Almberg
Jon Kristian Aune

Ola Bræin
Leif Roar Bævre
John O. Dønheim
Lars Opdøl Flatvad
Ruth Fluge
Sverre Hatle
Kari Sigrid Roset Holten
Jon Samuel Håbrekke
Liv Klaksvik
Jorunn M. Kvendbø
Olav K. Lien
Øyvind Lyngås
Oddvar Moen
Tove Mogstad
Henry Opland
Terje Ramsøy-Halle
Eirik S. Todal
Elen Maria Todal
Per Utne

ROGALAND MÅLLAG

Solveig Aanestad
Kjell Aardal
Gunnleiv Aareskjold
Torstein Aartun
Sigmund Andersen
Asbjørn Ask
Grethe Askvik
Einar Aspøy
Aslaug Astad
Johannes Bakka
Lars Egil Bakka
Roald Bergsaker
Bjarte Birkeland
Ingebrigt Botnen
Atle Brandsar
Geir Sverre Braut
Marit Kyllingstad Bråten
Kirsten Marie Bue
Jan Inge Buene
Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Åshild Åbø Eeg
Helga Mauland Eidevik
Ellen Einervoll
Lars Olav Fatland
Marit Fattnes
Åse-Berit Fidjeland
Atle Fiskå
Ingrid Fiskaa
Oddvar Flatabø
Ingrid Lerang Fossåskaret
Per Fremmersvik
Otto Laurits Fuglestad
Tove Gilja
Ingrid Gjesdal
Endre Gjil
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Ranveig Gudmestad
Kari Ingfrid Hatteland
Liv Hauge
Ola Hauge
Inge Haugland
Sverre Haver
Erik N. Havrevoll
Halvard Helseth
Jan Johansen Hempel
Tom Hetland
Kjell Birger Hetlelid
Rasmus Hidle
Liv Hopperstad
Magne O. Hope
Arvid Horpestad
Synnøve Hove
Arna Høyland
Odd Arne Jakobsen
Birgit Jaastad
Anne Martha Kalthovde
Magnar Kartveit
Steinar Kjosavik
Inge Kjøde
Jens Kleppa
Magnhild Meltveit Kleppa
Tore O. Koppang
Nils Ingvær Korsvoll
Herborg Kverneland
Reidar Kydland
Jon Laland
Hallgeir Langeland
Enok Lauvås

Jorunn Lauvås
Tone Lie
Roar Lund
Arne Lynghjem
Torbjørn Madland
Tore Malmei
Leif-Inge Misje
Marit Ness
Ingjerd S. Nicolaysen
Lise Lunde Nilsen
Knut Norddal
Øyvind Nordsletten
Pernille Nylehn
Kjellaug Sølberg Oftedal
Ingvar Olimstad
Leiv Olsen
Berit Irene Oltesvik
Marit Osland
Esther Ndayizeye Phillibert
Kirsten Rafoss
Oddbjørn Reime
Audun Rosland
Leif Idar Rossemyr
Magne A. Roth
Dagrun Røgenes
Torhild L. Rørheim
Oddbjørn Salte
Frode Sandve
Milrid Sandve
Jostein Selvåg
Ingeborg N Skjærpe
Martin Skrettingland
Kåre Skår
Tom Soma
Torgeir Spanne
Hans Spilde
Marit Rommetveit
Staveland
Audun Steinnes
Olav O. Sukka
Margoth Sundsbø
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Hogne Sønnesyn
Dagfrid Søyland
Liv-Sigrid Taylor
Oddrun Tjeltveit
Aslaug Marie Undheim
Knut Vadla
Borghild Vadla
Jone Vadla
Ottar Vandvik
Knut Vassbø
Astrid Apalset Vassbø
Arve Vedvik
Ingeborg G. Vigre
Reidar Vik
Atle Ingar Vold
Ketil Volden
Viggo Østebø
Ola Ådnøy
Tone Årtun

ROMSDAL MÅLLAG

Dagrun Gjelsvik Austigard
Henning Austigard
Målfrid Bakken
Annlaug Berge
Petter Inge Bergheim
Leif Erik Bolsø
John Ekroll
Per Bjørn Ellingseter
Øyvind Fenne
Kåre Magne Holsbøvåg

Arnhild Digernes Krøvel
Harald Krøvel
Tor Kvadsheim
Per Løvik
Jofrid Alvild Moen
Asbjørn Oterhals
Oddbjørn Pedersen
Knut Romestrånd
Sven Erik Skarsbø
Astrid Skarsbø
Marianne Skare Skavøy
Per Arne Skomsø
Britt Elise Skram
Magne Vik
John Edvard Voldseth
Roald Øygard

SOGN OG FIORDANE MÅLLAG

Lise Aasen
Inge Andersen
Georg Arnestad
Bente Kvernevik Berstad
Olaug Marie Bjelde
Reidulf Bjørlo
Gyda Bøtun
Nils Distad
Rolf Salte
Torkjell Djupedal
Trygve Dyrvik
Tor W. Eikemo
Jorunn Eikenes
Arne Eikenes
Gjertrud Eikevik
Ragnhild S. Eimhjellen
Kjell Erik Eldegard
Hans Engesæt
Dag-Erik Eriksmoen
Ingebjørg Erikstad
Bjørn Fjøsne
Johannes Flaten
Sverre N. Folkestad
Jan Martin Frisliid
Ellen Frøyen
Ola Fugle
Siri Bente Fuhr
Ottar Færøyvik
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Ragnhild Johanne
Gimmedstad
Arne Gjeraker
Ingebrigt M. Wangensteen
Gjerde
Dagfrid Grepstad
Olav Grov
Oddlaug Hammer
Audun Hammer
Margit Hovland Hamre
Bjarne Havro
Olin Johanne Henden
Inger Hilde
Frode Hoff
Sølvi Anne Espeland Hope
Ragnar Hove
Bjørn G. Hovland
Målfrid Husnes
Reidun Bergitte Håland
Martha Systad Iden
Ingunn Kandal
Harald Kirkebø
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Torhild Solheim Klævdal
Ragnhild-Lise Furnes
Korsvoll

Aage Kvendseth
Hildegunn Kvistad
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Bjørn Ladehaug
Øystein Lavik
Magnar Ljøsne
Bjørn Dombestein Lofnes
Jon Ove Lomheim
Hjalmar Lothe
Rune Lotsberg
Sigrunn Lundestad
Vidar Læg Reid
Kolbjørn Løken
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen Molde
Ragnhild Mork
Maryan Georgsdotter
Mundal
Kjell Magnar Myklebust
Knut Ole Myren
Rita Navarsete
Olav Nedrebø
Gudlaug Nedrelid
Julie Kristine Ness
Gunnvor Ness
Astrid Marie Nistad
Kolbjørn Nord
Johan Nordvik
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen
Signe Olaug Pedersen
Oddbjørn Ramstad
Jon Ramstad
Arvid Refsnes
Eli Johanne Sefland Reite
Jostein Risa
Henning Leiv Rivedal
Bergljot Konglevoll
Rysjedal
Signe Marie Rønnekleiv
Bjørn Rørtveit
Steinar Røyrvik
Audun Åge Røys
Margot Sande
Erling Sande
Johanne Sandnes
Laila Hov Sandnes
Jorunn Sandvik
Marta Kari Schawlann
Anders Skarestad
Einar Skeie
Olav Jonson Skjeldestad
Knut Atle Skjær
Erik Skogli
Gudmund Smådal
Annlaug Sognnes
Synneva Kolle Solheim
Henrik Stokkenes
Irene Stokker
Geir Liavåg Strand
Magn Jarl Stubhaug
Bård Støfringsdal
Arne Oliver Sunde
Kari Malmanger Svedal
Gunnhild Systad
Jorunn Systad
Leiv Sølberg
Ingrid Søyland
Herfinn Takle
Ivar Jostein Tjugum
Marit Breilid Velle
Arne Veвле
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Wenche Wie
Jarl Yndestad
Liv Østrem
Magni Øvrebotten
Vidar Åm
Sonja Aasen Årdal

SUNNMØRE MÅLLAG

Inger Aarflot
Ottar Aashamar
Ingmund Håkon Alvestad
Anne Berit Amdam
Anne Aurstad
Runa Bakke
Ragnar Bakken
Bernt Baltzersen

Idun Schawlann Barsnes
Ingunn Bergem
Magne Bildøy
Berit Bjørlo
Ingval Bortne
Oddhild Brandal
Margrete Hatløy Brubakk
Ole Arild Bø
Steinar Dimmen
Norunn Margrethe
Dimmen
Nils Sigurd Drabløs
Magne Drabløs
Jarle Dyb
Atle Døssland
Marit Veiberg Eide
Kaspar Inge Eide
Ståle Eikrem
Knut Falk
Ann Britt Våge Fannemel
Aud Farstad
Petra Folkestadås
Tore Gjære
Harald Grimstad
Øystein Grønmyr
Norunn Hagen
Per Halse
Aashild Haugland Haram
Severin Haugen
Kirsten Hundvebakke
Astri Hunnnes
Reidun Hunnnes
Ingrid Runde Huus
Lars Innvik
Jørund Kile
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Ivar Krøvel-Velle
Stein Olav Kvalø
Einar Landmark
Odd Larsen
Svein Linge
Rasmus Longva
Helge H. Moe
Gerd Moltubakk
Sølvi Woldsund Myrhol
Magny Marie Nerem
Harald Nordang
Brynild Kåra Lund Notøy
Trine Naadland
Lars Omenås
John Osnes
Bjørnar Osnes
Britt Oterholm
Karl Ramstad
Grete Strand Rekdal
Solveig Eldrid Risbakk
Gunder Runde
Olga Støylen Runde
Anni Selma Rusten
Magnar Ronstad
Grethe Østerhus Røyr
Else Synnøve Skarbø
Reidar Skarbø
Jarle Solheim
Endre Standal
Aslak Storegjerde
Gunnar Strøm
Harald Sunde
Lisbet Sæter
Sverre Sørvald
Ingrun Sørås
Geir Steinar Tandstad
Asgeir Tandstad
Per Svein Tandstad
Reidun Klock Tjervåg
Asbjørn Tryggestad
Solveig Ulstein
Randi Flem Ulvestad
Mette Uvestad
Anne Elisabet Ose Velle
Jorun Våge Vestnes
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Sveinung Walseth
Bastian Weiberg-Aurdal
Ingjerd Woldstad
Fredmøy Solny Wollen
Roe Yksnøy
Knut Ytterdal
Øyvind Østvik
Kjell Arne Årseth



TELEMARK MÅLLAG

Audun Aasmundtveit
Sveinung Astad
Kristin Berge
Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Margit Rui Christenson
Halvor Dahle
Olav Rune Djuve
Tjostov Gunne Djuve
Olav Felland
Gunlaug Fjellstad
Sigrid Fundlid
Asbjørn Gardsjord
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Nils K. Gjerde
Aslak Gunnheim
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Ingebjørg Hanto
Svanhild Haugen
Anders Hefre
Heidi Hegg
Hallgrim Høydal
Margit Ims
Jon Ingebretsen
Arne-Birger Knapskog
Åge Kåsi
Erling Langleite
Halvor Løken
Tove Løyland
Aud Manheim
Jørgen Moen
Olav Mosdøl
Hilda Helene Neset
Jakob Olimstad
Inger Helene Olsnes
Kari Rustberggård
Anne Ingebjørg Ruth
Børre Rønningen
Åste Råmunddalen
Per Skaugset
Olav Solberg
Margit Ryen Steen
Tone O. Stuvrud
Einar Leiv Søreide
Birgit Signe Røysland
Sørle
Olav Teigen
Olav Tho

Kari Tveit
Alf Torbjørn Tveit
Borgny Slettemoen Tøfte
Kai Uldal
Halvor Ulvenes
Tor Valle
Margit Verpe
Kjell Vistad
Johan Vaa
Halvor Øygarden

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Nils Aarsæther
Bente Benjaminsen
Per K. Bjørklund
Terje B. Dahl
Knut O. Dale
Nils Dannemark
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Torgeir Engstad
Erlend Fjose
Kjell Heggelund
Magne Heide
Olav Gaute Hellestø
Olaug Husabø
Kjellaug Jettne
Bjørge Berge Kristiansen
Ellen Skjold Kvåle
Tove Leinslie
Erik Lemika
Tyra V. Mannsverk
Ola Melby
Reidun Mellem
Oddrun Molvik
Valborg Myklebust
Atle Måseide
Ole Edgar Nilssen
Guro Reisæter
Ingrid Russøy
Elisabet Sausjord
Sigrid Skarstein
Guri Skeie
Sunniva Skålnes
Per-Arne Slettmo
Anne Marta Steinnes
Greta Tjelle
Gunn Utkvitne
Karin Vrålstad

TRØNDERLAGET

Kristin Røyset Aamot
Svein Aarnes
Reidar Almås
Inger Berit Angermund
Egil Ingvar Aune
Eli Aune
Randi Avelsgaard
Håvard Avelsgaard
Gunnar Olav Balstad
Kjell Bardal
Ingvar Berg
Ivar Berg
Jakob Bjerkem
Karl-Ove Bjørnstad
Lars Daling
Olaug Denstadli
Tore Fagerhaug
Svein Arild Fjeldvær
Margit Flakne
Asbjørn Folkvord
Jon Olav Forbord
Kristian Johan Fossheim
Arne A. Frisvoll
Anders Gjelsvik
Mia Gjessing
Gunhild Grue
Jon Grønli
Anders Gustad
Ivar Sv. Hanem
Liv Haugen
Lars Eirik Havdal
Torgeir Havik
Ivar Hellestnes
Ola Huke
Kirsten Inderberg
Inger Sandvik Jarstein
Ragnar Jenssen
Åke Junge
Morten Klukken
Olav Kuvås
Kirsti Årøen Lein
Lars Kolbjørn Moe
Håvard Moe
Tore Moen
Magne Måge
Einar Nordbø
Ingrun Norum
Idar Næss
Aud Okkenhaug
Solveig Otlo

Herman Ranes
Kristian Risan
Helge Rypdal
Bjørn Skagen
Rutt Olden Skauge
Alv Helge Skeie
Svein K. Skålhamn
Åsmund Snøfugl
Odd Sigmund Staverløkk
Roald Sund
Laila Harriet Sve
Per Johan Sæterbakk
Svein Bertil Sæther
Sverre Sævareid
Jan Sørås
Torbjørn Tranmæl
Aud Mikkelsen Tretvik
Nils Arve Vestrum
Harald Vik-Mo
Ann-Merethe Voldsund
Liv Skogset Værdal
Aa. Bjørgum Øvre
Yngve Øye

VALDRES MÅLLAG

Eva Granum Bjerke
Gunnar Breivik
Olav Gullik Bø
Inger Solveig Bøe
Reidun Espeseth
Ola Fosheim
Margit Fuglehaug
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Frank Tommy Jacobsen
Bjørn Vegard Johnsen
Bjørge Lerhol
Svein Erik Lunde
Torodd Lybeck
Kjell Øystein Myhre
Brita Siri Nesja
Nils Rogn
Ragnhild Solberg
Erik Stormbo
Marit Eltun Svendsen
Anne Ingeborg Terningen
Per Gunnar Veltun
Kari Bø Wangensteen
Berit Matre Ødegaard
Ingebjørg Årseth

VEST-AGDER MÅLLAG

Ragnar Alrek
Tove Berulvson
Kjell Byremo
Anne-Berit Erfjord
Marit Fjordheim
Svein Harald Follerås
Randi Lohndal Frestad
Tor Steinar Fromreide
Marit Føreland
Bernt Gautestad
Ole Steffen Gusdal
Berit Fiskaa Haugjord
Olav Torgny Hårtveit
Oddvar Jakobsen
Solveig Katterås
Inge Klepsland
Lars Kristian Larsen
Kirsti Lavold
Solveig Stallemo Lima
Målfrid Lindeland
Sylfest Lomheim
Nils Salvigsen
Birgit Stallemo
Asbjørn Stallemo
Eva Haugen Sørgaard
Vidar Toreid
Kjell Valand
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Ole Johan Bjørnøy
Gøril Fristad
Lill Yvonne Hauger
Arnstein Hjelde
Benthe Kolberg Jansson
Arne Kvernhusvik
Frode Kværneng
Per Thorvald Larsen
Karl Magne Løseth
Arne-Johan Martinsen

YRKESMÅLLAG

Agnar Aasheim
Kjellfrid Bøthun
Anne-Marie Botnen
Eggerud
Morten Elster

Elise Sundfør Erdal
Sissel Hole
Eirik Holten
Birgit Oline Kjerstad
Johannes Kolnes
Egil Henrik Lehmann
Kjell Harald Lunde
Torgils Lægred
Arne Exner Nakling
Olav Norheim
Borge Otterlei
Jon Ovrum
Linda Plahte
Frode Ringheim
Karl Inge Rotmo
Olav Martin Synnes
Lars Helge Sørheim
Odd Einar Sørås
Wenche Irene Thomsen
Harald Thune
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Åshild Ulstrup
Birger Valen
Bodvar Vandvik
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELDE

Randi Einrem
Leif Elsvatn
Torstein Finnbakk
Egil Andreas Helstad
Robert Hermansen
Johannes Hjønnvåg
Harold Holtermann
Åshild Nymo
Magne Arne Reigstad
Ronny Rognhaugen
Dag Steinar Thelle
Tryggve Valberg
Gro Einrem Volseth

KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Helsingskort
kr 20.00



"Frost"-boka
kr 160.00



Hals
kr 95.00



Skistroppar
kr 50.00



Fjellvettreglane
kr 195.00



Smykke
kr 600.00

På nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.
Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til 23 00 29 35,
eller gå inn på www.nm.no/krambua.
Hugs at lokallaga får egne rabattar om de tingar på e-post.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

MÅLLAGET INFORMERER

NORSK TIDEND FIRE GONGER I ÅRET

Frå og med 2025 kjem *Norsk Tidend* fire gonger i året, mot fem slik det har vore tidlegare. Dette er i tråd med budsjettvedtaket på landsmøtet i 2024.

BLI MED PÅ NYNORSKVEKA!

Dei siste åra har Noregs Mållag og Norsk Målungdom hatt suksess med å markere **nynorskdagen 12. mai** lokalt og nasjonalt. For å gjere markeringa større og meir fleksibel for alle, utvidar vi til ei heil nynorskveke mellom merkedagane 6. og 12. mai:

12. mai 1885 vedtok Stortinget å jamstille landsmål (seinare nynorsk) med dansk (seinare bokmål) gjennom «jamstillingsvedtaket». Dette kallar vi nynorskdagen.

6. mai 2014 vedtok Stortinget for fyrste gong ein nynorskversjon av Grunnlova.

Skulane kan bruke nynorskveka til å nå kompetansemål om nynorsk, språk og folkestyre. Nynorsksenteret har tips til undervisningsopplegg med utgangspunkt i kompetansemåla for kvart trinn.

Norsk Målungdom sender gjerne ungdomar til ungdomsskular og vidaregåande skular for å ha «målferd», der dei tek opp tema som språkhistorie, dialekt, nynorsk og bokmål.

Barnehagane kan ha aktiviteter knytt til nynorsk, dialekt og språkmangfald. Både Nynorsksenteret, Tunkatten og Pirion har gode ressursar.

Biblioteka kan kanskje ha leselønsj, bokkveld, språkkafé eller forfattartreff? Dei kan i alle fall lage utstilling med nynorskboker.

NT-REDAKTØREN TEK PERMISJON

Frå 1. mars til 1. oktober er redaktør Vemund Norekvål Knudsen i permisjon for å jobba for stortingsgruppa til Raudt. Jógvan Helge Gardar kjem til å ha redaktøransvaret for *Norsk Tidend* i perioden. Du kan kontakta han på epost på helge.gardar@nm.no. Vemund er etter planen tilbake 1. oktober.

ARBEIDSPROGRAMMET 2026–2030

Me er i gang med å laga det neste arbeidsprogrammet for Noregs Mållag, som skal opp til vedtak på landsmøtet på Gardermoen 24.–26. april 2026.

■ Kva er det viktigaste å prioritera for framtida til nynorsken?


■ Kva er det viktigaste å prioritera for framtida til Noregs Mållag?

Framlegg og tankar kan sendast til arbeidsprogramnemnda på framlegg@nm.no.

ARKIVPLAN UTE PÅ HØYRING

Nasjonal bevaringsplan for privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur 2025–2029 er ute på høyring.

– Nynorskhistoria er ein svært viktig del av historia om Noreg. Bevaring av dei sårbare privatarkiva knytt til nynorsk skriftkultur er særleg viktig for Nynorsk kultursentrum, seier direktør Olav Øyehaug Opsvik. No ynskjer dei seg høyringsinnspel til arkivplanen før 10. mars. Les meir på www.nynorsk.no



NYNORSK SALMEBOK JUBILERER

I 2025 er det hundre år sidan Nynorsk salmebok vart gjeven ut. Ho fekk svært mykje å seie for nynorsk som kyrkjemål og samfunnsberande språk. Noregs Mållag vonar hundreårsjubileet kan opne for markeringar der dei nynorske salmane kan få hovudrolla.

Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum går saman med Kyrkjerådet om ei jubileumsnemnd. Både lokale mållag, kor, kyrkjer, prestar, meinigheter og sokneråd vert oppmoda om å invitere til allsongkveldar eller å markere jubileet i ei gudsteneste. Å ha markering søndag 11. mai i nynorskveka kan vere ein av fleire gode idéar.

Nynorsk salmebok vart laga av biskop Bernt Støylen, sokneprest Anders Hovden og biskop Peter Hognestad, og vart ein stor suksess. På det meste vart ho brukt av knapt ein tredjedel av kyrkjesogna i Noreg.

Tilsette:

Gro Morken Endresen, dagleg leiar, tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60, gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjons- og kommunikasjonsrådgjevar, tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomirådgjevar, tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemålsskrivar, tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00, ingar.amoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons- og organisasjonsrådgjevar, tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Jógvan Helge Gardar, redaktør Norsk Tidend (vikariat), tlf. 95 07 88 18, helge.gardar@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen, politikk- og kommunikasjonsrådgjevar, tlf. 48 24 87 47, frida.mikkelsen@nm.no

Tonje Thorstad Kildal, kommunikasjonsrådgjevar (vikariat), tlf. 97 06 82 26, tonje.kildal@nm.no



NORSK MÅLUNGDOM

malungdom.no

Leiar: Sebastian Vinsent Natvik sebastian@malungdom.no tlf. 99 50 80 11

Skrivar: Ny skrivar i Målungdommen byrjar 1. mars

Kontormedarbeidar: Marie Løviknes marie@malungdom.no / tlf. 95 14 47 05

Tilskrift: Dronningens gate 22 tlf. 97 34 28 64 norsk@malungdom.no

Kontonr.: 3450.65.48707 (målgåver)



NOREGS MÅLLAG

nm.no

Tilskrift: Dronningens gate 22 0154 OSLO

Telefon: 23 00 29 30
E-post: nm@nm.no

Kontoradresse: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Nytt kontonr.: 3480 17 82851

Leiar: Peder Lofnes Hauge 95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

Nestleiar: Live Havro Bjørnstad 91 75 39 37 / live.bjornstad@nm.no

1 ■ 2025
Norsk Tidend
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai

Prent: Amedia Trykk
Opplag: 15 800
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonsar:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 4000,-
Halvsida: kr 6000,-
Heilsida: kr 10 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 2, 2025:
26. mai

Nynorsk er som ein varm klem
frå nokon som er klok.

Sophie Elise Isachsen
til Dagsrevyen

Meir brevbyte-upplæring paa nynorsk

Daa Norsk Korrespondenceskole heldt 10-aars-høgtid i haust vart det opplyst til *Den 17de Mai* at skulen hadde lagt til sides pengar som skulde nyttast til ei nynorsk deild naar summen vart stor nok.

[...]

– Norsk Korrespondenceskole gjev no skrifleg opplæring paa nynorsk til dei som ynskjer det. I alle andre fag er opplæringa paa norsk-dansk. Dei elevane som vil kan skriva oppgaavone sine paa nynorsk; men det fell ikkje lett naar opplæringsbrevne er paa norsk-dansk.

No er det tanken aa faa opplæring paa nynorsk i so mange fag som mogleg og ein gong i framtida i alle fag. Men det vil taka lang tid og kosta mange pengar aa naa so langt.

**Den 17de mai,
8. januar 1925**

Vernepliktsboki paa nynorsk

Vernepliktsboki er no endeleg komi paa nynorsk og er prenta i eit opplag paa 15 000.

Maalføringi i den nynorske utgaava er sers greid og folkeleg; ho vert soleis ein motsetnad til den norsk-danske utgaava med si avskræmeleg vridne og tunge ordleiding. Den nye utgaava er umsett av kaptein Hatledal.

Det staaar no til dei vernepliktige å krevja boki.

Unglyden 22. januar 1925

Den nynorske salmeboki

[...]

Boki har 710 salmenummer. Dei fleste originale salmane er av Blix, Støylen, Hovden og Skard. Mange av Landstad, Kingo og Brorson sine salmar er umsette til nynorsk og dessutan er der mange umsetjingar fraa svensk, tysk, engelsk og islandsk.

[...]

Unglyden 12. februar 1925

på tampen



Meir enn Raude Khmer

■ Etter over 20 år i år i Oslo hadde eg fått nok av austlandsk vinter og bestemde meg for å vinteremigrera i nokre månader. Spesielt januar er hard, tykker eg. Dette var i fjor. Eg lengta etter dei milde, om enn slapsete, vintrane frå heimtraktene mine, og søkte på kunstnaropphald ved Velferden Scene for Samtidskunst i Sokndal. Eg var så heldig og fekk opphald heile desember og januar, og tok lukkeleg toget sørover for ein vinter der det i hovudsak var bert på bakken. Uvitande var det eg var. No, Velferden er ein fantastisk hub for kunst i Dalane-regionen og eg tilrår alle kunstnarar å sjekka når dei har Open call, nei, det var vëret som fylgja meg sørover. Den kaldaste vinteren eg kan minnst i Noreg, og -15 gradar ved kysten er ikkje ein spøk. I år gjer eg ikkje same feil og dreg til Sri Lanka, med ei knapp veke i Kambodsja.

■ Kambodsja er ganske mystisk. Når eg høyrer namnet tenker eg på Pol Pot og Raude Khmer, Ankor Wat, og kule folkedraktar. Det er eg nok ikkje åleine om, så eg tenkte å sjå nærare på språket khmer, morsmålet til dei nærare 96 % khmerane som bur i Kambodsja.

■ Khmer tilhøyrer språkfamilien austroasiatisk, og har nærare 17 millionar morsmålsbrukarar, i tillegg til dette snakkar kringom ein million folk språket. Dette fell fint i hop med folketala i Kambodsja, som er der ein finn flest khmertalande.

■ Khmer har hatt sterk påverknad frå sanskrit og pali, då som fylgje av Chenla-

imperiet og Ankor-imperiet, som var sterkt påverka av område som i dag er i India. Fun fact: Ankor Wat blei opprinneleg bygd som eit hinduistisk tempel for guden Vishnu, før det gradvis gjekk over til å bli eit buddhistisk tempel. Arkitekturen er au sterkt influert av det tamilske Chola-imperiet.

■ I motsetning til naboane sine i Søraust-Asia, er ikkje khmer eit tonespråk. Det er au eit analytisk språk, altså at ein framfor affiksar nyttar preposisjonar, postposisjonar og liknande, slik me gjer på norsk. Det er au i likskap med norsk eit SVO språk. Det blir skriva med Khmer-skrift, ein abugida som har utvikla seg frå Brahmi-skrift gjennom den sørindiske Pallava-skrifta.

■ Utanfor Kambodsja finn ein tre ulike dialekter av khmer, nord-khmersk som blir tala av over ein million khmerar som bur i dei sørlege områda av nordaust Thailand, dette blir av somme lingvistar klassifisert som eit eget språk. Khmer krom, eller sør-khmersk, er morsmålet til khmer busett i Vietnam. Så har ein dialekta til khmer busete i fjella med det flotta namnet Krávanhfjella, direkte omsett til Kardemomme-fjella, som er ein såpass gamaldags dialekt at dei framleis har trekk av mellomkhmer.

■ Eg skal i alle fall nytta sola og varmen i Asia, og ikkje minst plukka opp eit par ord på khmer: ផ្លូវជាតិលេខ១

THARANIGA RAJAH

“ **Kambodsja er ganske mystisk. Når eg høyrer namnet tenker eg på Pol Pot og Raude Khmer, Ankor Wat, og kule folkedraktar.**